



Vestlandsforskning

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: www.vestforsk.no

VF rapport 9/2005

Ungdom og livsmeining

Full av pågangsmot, livslyst og kjensle av fridom eller oppgitt, lei og usikker?

**Delrapport 3
i programmet
”Ung i Sogn og Fjordane”**

Astrid Øydvin

VF Prosjektrapport

| | |
|---|--|
| Rapport tittel Ungdom og livsmeining. Full av pågangsmot, livslyst og kjensle av fridom eller oppgitt, lei og usikker? Delrapport 3. | Rapportnr. 9/2005 |
| Prosjekttittel Ungdom og livsmeining, Ung i Sogn og Fjordane | Dato Juni 2005 |
| Forskarar Astrid Øydvin | Gradering Open |
| Oppdragsgjevar Sogn og Fjordane fylkeskommune | Tal sider 69 |
| | Prosjekt nr 3202 |
| Prosjektansvarleg Berit Bringedal | |
| Samandrag Undersøkinga kartlegg ulike sider ved kvalitet i livet til unge i Sogn og Fjordane. Rapporten omhandlar eit utval av unge i fylket sitt syn på forhold til vener, foreldre og andre vaksne, om korleis dei ser på livet sitt no og kva dei tenkjer om framtida. Vi drøftar spørsmål om sjølvtillit, sjølvrealisering og identitet. Vi fokuserer på korleis gutter og jenter er ulike i syn på livet, og samhandling med andre. Kartlegginga skisserer omfang av unge som har problem, og nokre kjenneteikn ved dei. | Emneord Ung i Sogn og Fjordane Livsmeining Framtid Identitet Sosialisering Kjønn |
| Andre publikasjonar frå prosjektet Notat – fase 1 Ungdom og livsmeining Delrapport 1 Delrapport 2 | |
| ISBN nr 82-428-0242-4 ISSN: | Pris |

Samandrag

Ungdom i Sogn og Fjordane – full av pågangsmot, livslyst og fridom eller oppgitt, lei og usikker?

Eit overordna mål for ungdomsarbeidet i fylket er å gje ungdom ein rikare oppvekst og ungdomstid. Dette handlar om å gje dei gode minner frå lokalmiljøet. Det handlar også om å vere eit mangfaldig og inkluderande samfunn, der ulike grupper ungdom kan vere trygge på at dei kan vere seg sjølv, og utvikle sin eigen identitet.

Det er viktig å få ungdomar i tale og til å fortelje om sakn, behov og ønskjer. Generelt opplever ungdomsarbeidarar at ein har for lite kunnskap om unge, livsmeining og samanhengen med endringar i samfunnet generelt og ungdomskultur meir spesifikt.

Ungdomane treng å utvikle engasjement for å ha sjølvtillit – er dei unge engasjerte, vert sjølvtillitten deira styrka.

Mål og problemstilling for undersøkinga

Undersøkinga tek for seg ulike sider ved livskvaliteten til unge her i fylket. I fylket si satsing på unge mellom anna gjennom Ung i Sogn og Fjordane handlar det om konkrete tiltak som skal skape trivsel og eit godt oppvekstmiljø. Undersøkinga peikar på at trivsel og meining i livet handlar om meir enn eit tilbod om ein stad å vere på fritida. Det handlar også om grunnleggande spørsmål om meining i tilveret, verdiar og forhold til vene, vaksne og lokalsamfunn. Kunnskap om dette er ikkje like lett å nytte i arbeidet med utvikling av tiltak, men er viktig for å forstå meir av det kompliserte samspelet mellom alle sidene i livet til dei unge.

Hovudspørsmålet for undersøkinga var å kartlegge om unge kjenner meining med det dei driv på med. Korleis taklar ungdomane kvar dagen sin? Er det mange som har problem med å finne meining i livet sitt? Kva er det ungdomar strevar med som gjer at livsgleda vert borte for dei? Er det forskjell på jenter og gutter i slike spørsmål?

Metoderefleksjon

Når vi planla undersøkinga var det meininga at den kvantitative delen skulle fortelje om kor mange unge som slit og nokre kjenneteikn ved problema. Dei kvalitative delane, intervju med vaksne og intervju med unge frå evalueringa av Ung i Sogn og Fjordane, går meir i djupna på spørsmåla om kva som skapar meining i livet til dei unge. Vi meiner at kartlegginga gjev eit bilde av den store gruppa med unge som har det godt og ei lita gruppe med unge som slit. Men vi sit likevel med mange spørsmål når vi skal tolke resultata i den kvantitative delen av undersøkinga. Det som er problem med denne typen undersøkingar er at dei berre gjev eit bilde av dei unge sine haldningar, og gjev ikkje nok informasjon for å kunne forstå bakgrunnen for haldningane. For fullt ut forstå svara deira treng ein å gå meir i djupna for å sjå korleis dei tolkar spørsmåla, og få fram nyansane i svara deira. Når grupper av dei unge svarer at fridom eller å vere trygg er det viktigaste for dei, er dette viktig informasjon i seg sjølv. Men eit intervju ville kunne gje eit betre bilde av kva dei legg i omgrepet fridom, men andre ord kva som er bakgrunnen for tankane deira.

Den kvantitative delen av undersøkinga gjev eit bilde av omfanget av unge som strevar med livet sitt på ulike måtar. I intervju med dei vaksne får ein inntrykk av at problema er større enn det resultata frå spørjeskjemaundersøkinga. Det kan vere fleire forklaringar på dette. Det er ikkje noko som tyder på at dei unge underrapporterer når dei svarer. Dei vaksne informantane har arbeidsoppgåver som på ulike måtar omfattar unge sine problem, og det er rimeleg å spørje om ein på den måten får ei overfokusering? Samstundes melder dei om at dei er usikre på omfanget, men at dei bestemt har inntrykk av at der er aukande tal unge som strevar. Det aukande omfanget meiner dei heng saman med at nye grupper får problem, først og fremst dei flinke, vellykka jentene.

Kva manglar metodisk, kva svarer undersøkinga ikkje på? Skil unge i Sogn og Fjordane og oppvekstmiljøet deira seg frå resten av landet? Dersom det er grunn til å tru på det generelle bildet om at mange unge i det moderne samfunnet har det vanskeleg, skil dei unge i Sogn og Fjordane seg ut. Men denne undersøking gjev ikkje empirisk grunnlag for å vurdere det. Vi har heller ikkje arbeida systematisk med å samanlikne nasjonale studiar. Det ligg utanfor ramma for denne undersøkinga.

Kva avdekkar kartlegginga – kva fann vi?

Undersøkinga gjev data som peikar i retning av at unge i fylket jamt over ser ut til å ha det godt. Dei kjenner tryggleik, dei har eit grunnleggande positivt syn på livet og framtida.

Tala i den kvantitative delen gjev uttrykk for nokre trekk i gruppa av ungdomar som slit. Jamt over ser vi i svara i den kvantitative delen av undersøkinga at gruppa som har problem med ulike sider i livet ligg på rundt 10%.

Men det er viktig å merke seg at svara frå dei vaksne informantane problematiserer dette. Dei vaksne som arbeider med unge meiner å sjå nye grupper unge som har større problem enn før. Ofte handlar dette om unge flinke jenter. Dei vaksne informantane har alle arbeidd med unge i mange år, og er kvalifiserte til å vurdere utvikling i ungdomskulturen over tid.

Unge som har det godt

Hovudtendensane i undersøkinga er at dei unge i fylket jamt over gjev uttrykk for at dei har meiningsberande og stimulerande aktivitetar. Dei har ei grunnleggande tru på at dei skal få det godt i livet, og at framtida skal bli bra. Denne tryggleiken er nært knytt til at dei både får nytta seg sjølv og evnene sin i aktivitetar som er meiningsberande, og at dei har nettverk rundt seg som dei kan vere seg sjølv i. Dei kjenner støtte. Dei utgjer ein ressurs med trua på og vilje til å skape eit godt liv, men dei tykkjer mange val er vanskelege.

Verdiar er kriterium for bedømming eller abstrakte standardar for å ta avgjersler og reiskap for utvikling av haldningar. Verdiane våre er til hjelp å bedømme oss sjølle og andre, og er motiverande på den måten at vi vil leve opp til eige verdisyn. Eit viktig trekk i det seinmoderne samfunnet er at vi i større grad må gjere eigne val og skape eigen identitet. Kva dei unge ser som viktige verdiar er ei kjerne i identitetsdanninga.

Dei unge i undersøkinga ser seg sjølve som individ med meininger, men er ikkje opptekne av etikk, religion eller livssynsspørsmål. Sjølvbildet til dei unge er grunnleggande godt, dei har jamt over eit godt forhold til vene, foreldre og andre vaksne som til dømes lærarar. Dei unge meiner at dei kan ta meir ansvar enn foreldra gjev dei. Dei kjenner at dei kan vere seg sjølv både på skule, heime og med vene. Å vere seg sjølv handlar om identitet – at det er samsvar mellom sjølvoppfatning og reaksjon frå dei du har rundt deg. Det handlar også om aktivitet og

å ha meiningsfulle ting å drive med. Vidare er det viktig å vere saman med personar som betyr noko for deg.

Ungdomane meiner dei har kontroll på eige liv, og at dei veit kva dei vil med livet sitt. Dei er også i stor grad einig i at dei kan realisere draumane sine, og dei trur dei vil få ein god jobb. Men samstundes tykkjer dei det er vanskeleg å planlegge, og mange er redd for å velje feil.

Gutar og jenter ser ulikt på kva som skapar meinung

I spørsmål om livsmeining er det store kjønnsforskjellar. Jentene fokuserer i større grad på at det er viktig for dei å kjenne tryggleik, og dei tykkjer det er vanskelegare å gjere val for framtida. Eit anna viktig trekk er ei endring i jenterolla, vi ser konturane av ei jente som ofte lykkast betre på skulen enn gutane. Men det å vere vellykka har og ei anna side, nemleg unge, flinke jenter som får problem med alltid å skulle vere på topp.

Ei ny jenterolle

Vi har peika på at andre undersøkingar indikerer at jenter har ein ny posisjon i det moderne samfunnet. Forskarane hevdar at jenterolla er betre tilpassa for å kunne leve opp til krav samfunnet stiller. Undersøkinga vår viser at der er grunnleggande forskjell på korleis gutter og jenter tenkjer om verdiar og meinung i livet.

Dei vaksne informantane skildrar tilsvarende trekk i den nye jenterolla som nordisk forsking omhandlar. Jenter står fram og er sterke i meiningsane sine, er aktive utan om skulen og tør å vere kontroversielle og stå for det dei meiner. Dette er igjen knytt til å skape seg ein eigen identitet som er tydeleg i samvere med andre. Eit viktig trekk ved den nye jenterolla er at dei i større grad er individ, og ikkje så mykje sett som medlem av ei gruppe. Dei er i rørsle frå ein objektposisjon til ein subjektposisjon. I dette ligg det at dei i sterkare grad må stille spørsmål om kven dei er og kva dei ønskjer å bli, og i slike prosessar utviklar dei evne til å leve med den refleksive moderniteten. Det er framleis viktig for jenter å sjå godt ut og nytte livet, men dei kombinerer det med å vere rasjonelle, i sjølvkontroll og vere sjølvstendige individ. Sentrale verdiar for jentene i dette er originalitet, realisering av ein sjølv som eit helt unikt individ, å følgje opp og utvikle eige talent og evne, interesse og lyst.

Jentene gjere det godt på skulen, nasjonal karakterstatistikk tyder på at dei no har betre resultat i alle fag bortsett frå kroppsøving. Det er mange spørsmål ein kan stille til ei slik utvikling, men ein del forskrarar hevdar at den akademiske suksessen speglar at dei har evne til takle det moderne. Jentene lykkast på mange områder, men for ein del av jentene kostar det.

Vi ser systematiske forskjellar i svara til jenter og gutter i den kvantitative delen av undersøkinga. Dei unge deler seg i svara som omhandlar eige sjølvbilde. Gutane har meir tru på at lærarane tykkjer dei er flinke. Dei er i større grad nøgd med det norske samfunnet, og stolte av å vere frå Sogn og Fjordane. Jentene er mindre einig i at dei brukar og utviklar sine eigne talent i aktivitetar. Dei er også i mindre grad enn gutane nøgde med seg sjølve.

Vi ser gjennomgåande kjønnsforskjellar i forholdet deira til vene og til vaksne. Jenter meiner sterkare at vene og foreldre støttar dei i val dei må ta. Dei kjenner i større grad at dei kan vere seg sjølve med familie, men svara skil seg ikkje frå gutane i forhold til å vere seg sjølv med vene og på skulen. Når jentene er lei og triste eller treng hjelp med eit problem, svarer dei oftare enn gutane at dei søker hjelp hos vene og foreldre. Jentene er meir einig i at dei får hjelp av andre til å utvikle eigne meininger. Gutane meiner i større grad enn jentene at det blir gjort for lite for ungdom.

Det er fleire jenter enn gutter som kjenner seg einsame, og jentene kjenner seg ofte triste og leie. Dei kjenner i større grad avmakt i forhold til korleis verda utviklar seg, og let seg ofte påverke av tankar om samfunns- og verdsproblem. Jentene er reddare enn gutane for å gjøre feil framtidssval.

Spørsmål om ulike verdiar skil svara til jenter og gutter. Jentene er meir einig i at dei tenker på etikk, religion og livssynsspørsmål. Svara viser at det er viktigare for jentene å vere til nytte for andre, medan gutane er meir opptekne av at dei skal tene mykje pengar. Jentene er meir opptekne av å ha ein fin kropp. For jentene er dei to viktigaste verdiane å vere trygg og ha fridom. Gutane har som viktigaste verdiar å vere sosial og å kjenne glede/spenning.

Nærare 80% av jentene svarer at det viktigaste for dei er å vere trygg. Det skal vere stabilt og mogeleg å forutseie sosiale og kulturelle omgjevnadar, vere kontinuitet og orden i daglelivet. Ein skal vere del av eit sosialt fellesskap. Å vere trygg er like mykje knytt til det sosiale og kulturelle som til det materielle. I tryggleiken og også kjensla av å vere fri viktig. Dei ønskjer å gjere som dei vil, forme sin eigen identitet og ta eigne val. Gutane svarer også at fellesskap er viktig for dei. For dei er det viktig å vere sosial og kjenne glede og spenning.

Vi og dei andre

Forsking tyder på at jamaldringane vert stadig viktigare i sosialiseringssprosessen. Vi ser og at skiljet mellom ”vi” og ”dei andre” er eit grunnleggande trekk i sosial samhandling. For dei unge går det eit klart skilje mellom allmennfagleg og yrkesfagleg studieretning på vidaregåande skule. Både elevar og lærarar beskriv det som eit skilje som handlar om kor vidt ”dei veit kva dei vil” i livet. I motsetning til tidlegare ser dei vidaregåande elevane på seg sjølv som dei som har planar for framtida. I sosiologisk litteratur er skiljet noko langt meir omfattande, og som ofte handlar om kven som har makt i samfunnet gjennom å definere kva som er ”viktig og riktig”. Forsking kan fortelje om korleis slike grunnleggande samfunnstrekk påverkar framtida til dei unge, mellom anna gjennom korleis dei vel i hove utdanning og yrkesval.

Keisemd

Eit markant trekk i ungdomskultur er kjensla av å kjede seg. Vi finn to typar keisemd. Situativ keisemd er definert som det å kjede seg i ein bestemt situasjon knytt til bestemte situasjoner og eksistensiell keisemd som er ei djupare kjensle i forhold til det å vere til, og kan gjere at ein kjenner avmakt i livet.

Fleirtalet av dei unge i fylket er ikkje samde om at livet generelt er kjedeleg, rundt 20% svarer at dei er einig i det. Dei unge deler seg likt i svara kor vidt dei har ting å drive med som dei ser som meiningsfull, rundt 40% er einig og like mange er ueinig. Samstundes svarer det store fleirtalet at dei har noko artig å drive på med, og viser ei gruppe ungdomar som har impulsar som gjev livskraft og pågangsmot.

Ung med problem

Dei vaksne som arbeider med dei unge er opptekne av den nye gruppa unge som slit med livet; dei vellykka jentene som blir slitne og deprimerte av å skulle takle alt. Dei vaksne informantane vurderer krava som vert stilt til dei unge som store, utan at svara i den kvantitative delen av undersøkinga viser tilsvarande tendens. Dei unge meiner at heim og skule stiller passelege krav til dei. Same trekket finn vi også i vurderinga dei vaksne gjer om

at dei unge har for liten kontakt med vaksne. Korttaleit av dei unge eller gruppa som svarer dei er ofte lei og trist meiner dei har for liten vaksenkontakt.

Dei unge som slit har ofte diffuse problem. Nokre av dei har problem med å bu på hybel, og nokre eit rusproblem. Vaksne skildrar ei diffus angst som følgje av uro og stadig skifte i samfunnet. Gruppa som har problem er synlege både på skulen og på helsestasjon. På skulen er det ofte knytt til fråvere, og skulen viser dei vidare til helsestasjon. Dei unge er usikre på om dei greier skulen og skulefaga, dei kjenner på at dei ikkje strekk til, og dei utviklar depresjonar og for jentene sin del eit lågt sjølvbilde.

Eit nøkkelsvar i den kvantitative delen av undersøkinga for å finne dei som strevar, er dei som svarer at dei er ofte lei seg og triste. Svara på andre spørsmål frå denne gruppa fortel at dei har mindre tru på framtida enn resten av dei unge. Dei har mindre tru på seg sjølv. Problema handlar meir om korleis dei ser på seg sjølv enn at dei har gjennomgåande sosiale problem.

Gruppa med unge som er ofte trist og lei svarer annleis enn totalgruppa i andre sitt syn på seg sjølv. Ein noko større del av dei er ueinig i at foreldra er nøgde med dei. Dei meiner i større grad at foreldra ventar for mykje av dei, men vi finn ikkje same skiljet i svara om lærarane forventar for mykje av dei. Det er færre i denne gruppa som trur at læraren syns dei er flinke, og dei trur i mindre grad at dei er godt likt blant kameratar. Færre av dei meiner at foreldra støttar dei i val dei må gjere, men dei skil seg ikkje frå totalgruppa i kor vidt dei får støtte frå vene når dei skal gjere val. Dei er i mindre grad einig i at dei har nok vaksne utanom foreldre å snakke fortruleg med.

Det er færre av dei unge som strevar som meiner dei kan vere seg sjølv blant vene, på skulen og med foreldra. Dei har ei større kjensle av å vere einsame, og jentene i denne gruppa er dei som i størst grad slit med einsemd. Dei er i mindre grad nøgde med seg sjølv, dei syns i større grad at livet deira er kjedeleg og at dei brukar tid på ting dei ikkje ser vitsen i.

Framtidssynet i denne gruppa er gjennomgåande meir pessimistisk. Dei triste har i mindre grad kjensle av å ha kontroll på eige liv, og at dei kan realisere planar og draumar. Dei veit mindre om kva dei vil med livet sitt, og har ikkje så stor tru som dei andre at dei vil få eit godt sosialt liv. Tendensen er at fleire av dei er redd for å velje feil i val som handlar om framtida. I spørsmål om korleis dei løysar problem, er det langt fleire i denne gruppa som vel å vente å sjå, og er meir avventande til korleis dei skal handtere problema.

Jentene i denne gruppa skil seg ikkje frå resten i korleis dei vurderer kva verdiar som er viktige for dei. Men for gutane i denne gruppa er tryggleik ein viktigare verdi enn svara frå den samla gruppa av gutter. Det er færre av gruppa som er trist og lei som er einig i at poenget med å leve er å ha det moro, og det er viktigare for dei å ha ein fin kropp enn resten av ungdomsgruppa.

Samla gjev desse skilnadane uttrykk for at det dei strevar med først og fremst handlar om korleis dei ser på seg sjølv, og at dei har ei meir negativ haldning til livet og framtida. Problema er knytt til spørsmål om identitet.

Til slutt

Kva er viktig? Ungdomane ser samanhengane mellom alle livsområda sine. Dette kan vi konkretisere på ulike måtar, og eit døme er korleis dei unge legg svært stor vekt på transporttiltak og at gode transporttilbod heng saman med at dei kjenner fridom i livet. Eit

anna døme er korleis fagleg innhald på vidaregåande skule heng saman med eigen identitetsdanning. Jenter som meiner dei får eit godt fagleg tilbod i estetiske fag på vidaregåande skule knyter dette saman med tankande dei har om å kunne vere seg sjølv. Begge desse døma viser korleis ein må tenkje heilskap i arbeid med unge.

Dersom skole, heim og fritid fungerer som ei plattform for unge er ein komen lagt i å førebygge problema unge kan få når dei misser grepene på tilverke. Ungdomsarbeidarar meiner det er svært viktig å skape eit heilskapleg system med førebyggande tiltak som inkluderer skule, heim og fritid. Det er vesentlig å finne ut korleis ungdom har det med seg sjølv, på skulen og i heimen. I dette ligg ei forståing av at i samanhengar der ein ofte har fokus på individua, som t.d. skulen, må utvide forståinga av livsprosjektet til dei unge ved å rette seg mot ungdomssosiologiske perspektiv. Ein treng å sjå alle dei ulike ungdomane som grupper med nokre fellestrekke. I samanhengar der det er vanleg å tenkje ungdom som ei gruppe, ville ein ha nytte av å kjenne betre til arbeidskvarden til dei unge. Vidaregåande skule er inne i eit langsiktig endringsarbeid der dei unge i større grad skal ta ansvar for eiga læring kopla mot tett oppfølging og rettleiing. Skulen har utvikla forståing for at alle sider ved livet til eleven er relevant for læringa, og det gjev konsekvensar for korleis ein tenkjer pedagogisk. Skulen får ansvar for å ta omsyn til fleire sider ved elven sitt liv i samarbeid med eleven.

Ungdomsarbeidarar understrekar at det er viktig å fokusere på skulen. Den må vere fagleg solid og ha nok ressursar. Det er viktig å etablere ei offentlig sentrumsteneste retta mot ungdom i tettstadane i fylket, som ungdom kan bruke på sine egen premissar.

Dei som arbeider med unge med store problem, gjerne med åtferdsvanskjar, tek fram at ein må skreddarsy tiltaket. Her hevdar ein at ein ikkje når ungdom med problem med generelle tiltak. Ein kan gjerne dra dei inn i eit positivt miljø, men det positive miljøet har ikkje tiltrekningskraft nok til å rekruttere dei inn. Det må gjerast av nokon, og det må arbeidast hardt for å få dei til å bli. Dei unge med problem manglar ein del grunnleggande ferdigheitar og finner seg ikkje til rette i dette miljøet.

Avslutningsvis kan vi slå fast at ein må prioritere dei unge som har minst vaksenkontakt i ungdomsarbeidet. Ein må satse i breidda i aktivitetar for å nå både ungdom med problem og andre.

Innhold

| | |
|---|----|
| Samandrag | 3 |
| Ungdom i Sogn og Fjordane – full av pågangsmot, livslyst og fridom eller oppgitt, lei og usikker? | 3 |
| Ungdom og livsmeining - innleiing | 10 |
| Bakgrunn for prosjektet..... | 10 |
| Problemstilling og metode | 11 |
| Metode..... | 12 |
| Datagrunnlaget | 12 |
| Utvalet | 13 |
| Teorigrunnlag | 15 |
| Livesmeining..... | 15 |
| Sosiale relasjonar i det moderne samfunnet | 16 |
| ”Vi” og ”dei andre” | 17 |
| Identitet..... | 18 |
| Kjønn, identitet og verdiar | 18 |
| Ungdomstida i endring | 22 |
| Verdiar - kva er viktig for meg? | 23 |
| Forhold til foreldre/vener/lærarar | 27 |
| Forbilde | 30 |
| Framtid | 32 |
| Syn på samfunnet - nasjonalt og lokalt | 35 |
| Sjølvtillit og sjølvrealisering | 37 |
| Fokus på kropp og seksualitet | 37 |
| Å kjede seg | 38 |
| Å vere lei seg..... | 41 |
| Unge som slit..... | 42 |
| Marginalisering | 43 |
| Dei vaksne sine syn på omfang og nokre kjenneteikn på problema | 44 |
| Å vere trist og lei – dei som strevar | 46 |
| Einsemd | 47 |
| Jenter som slit..... | 47 |
| Gutar som slit | 48 |
| Lågt sjølvbilde og relasjonar til andre | 49 |
| Ungdom og livesmeining – oppsummering | 50 |
| Litteraturliste | 51 |
| Vedlegg 1A: Spørsmåla i den kvantitative delen av datamaterialet | 54 |
| Vedlegg 1 B: Spørjeskjema til elevar i vidaregåande skule | 56 |
| Vedlegg 1C: Oppgåvetekst for stilar på vidaegåande | 61 |
| Vedlegg 3: Samandrag for dei tre delrapportane i Ung i Sogn og Fjordane | 63 |
| Vedlegg 4: Diagram, verdi fordelt på kjønn | 68 |

Ungdom og livsmeining - innleiing

Bakgrunn for prosjektet

Rapporten *Ungdom og livsmeining. Full av pågangsmot, livslyst og kjensle av fridom eller oppgitt, lei og usikker?* omhandlar tematisk ulike sider ved unge sin livskvalitet. I ei tid der media stadig skriv om at ungdomar som strevar i livet, er utgangspunktet for dette arbeidet å stille spørsmål om korleis unge trivst i Sogn og Fjordane. Målet er å vidareutvikle Sogn og Fjordane som eit område det barn og unge trivst, og har med seg mange gode minner frå oppvekst og ungdomstid. Men for å få til det hadde sentrale aktørar behov for meir kunnskap om ungdomane sitt liv her i fylket, om korleis dei unge ser på meir grunnleggande spørsmål om meiningsfullhet i tilveret, om kva verdiar dei har og forholdet deira til vene og vaksne. Prosjektet skal vere å utvide kunnskapsgrunnlaget for dei som skal planlegge og setje i verk tiltak retta mot barn og unge her i fylket.

Bakgrunnen for kartlegginga Ungdom og livsmeining er konkret eit behov for å få vite meir om korleis ungdom i fylket tenkjer om framtida, og om kvardagen er meiningsfull for dei. Offentlege styresmakter i fylket, som til dømes fylkeskommunen, møter ofte utsegn som at stadig fleire ungdomar strevar med å sjå meiningsfullhet i livet sitt. Noko av dette er ei skildring av eit moderne samfunn som vi finn i dagsavisar og vekeblad. Men samstundes gjev mange faglege miljø ei liknande beskriving. Ein trengde å vite meir om omfanget på problem dei unge måtte ha, og syn dei har på livet sitt no og framtida. Kunnskapsgrunnlaget vart for dårlig for å planlegge tiltak, vi visste for lite om dei ulike gruppene av ungdom og omfanget av problem unge måtte ha med å takle livet sitt.

Utgangspunktet var å kartlegge om unge i fylket i aukande grad slit med livet sitt. Dei seinare åra har ein sett grupper med ungdom som har nye problem, og profesjonelle som arbeider med unge melder ei uro over nye grupper med problem. Vi ønskete å gjennomføre både kvantitative og kvalitative analysar med informasjon/data frå ungdomane sjølv og frå vaksne som arbeider med unge. Undersøkinga skulle kartlegge omfang av problem med livsmeining og kva for grupper unge som har slike problem, men det skulle også vere ei undersøking som tek opp desse spørsmåla i heile ungdomsgruppa, ikkje berre blant dei som har problem.

Undersøkinga er finansiert gjennom prosjektet ”Ung i Sogn og Fjordane”, under delprosjektet ”Det er bruk for alle”. Programmet Ung i Sogn og Fjordane er gjennomført av Sogn og Fjordane fylkeskommune, og er sett saman av ei rekke tiltaksprosjekt på 24 store og små satsingsområder. Kartlegginga Ungdom og Livsmeining er ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget når vi vurderer om tiltak i programmet Ung i Sogn og Fjordane er relevante for ungdomar i fylket.¹

Samla er det eit notat og tre delrapportar som handlar om ungdomar sitt liv i fylket, og korleis offentlege tiltak sett i gang av Sogn og Fjordane fylkeskommune og andre offentlege etatar kan vere med å dekke behov som dei unge har. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i mange år satsa systematisk på at fylket skal vere ein stad der ungdomar har lyst å bu og leve. Rapportane fortel om kva som er viktig for dei og kva tiltak som er sett i gang for å skape eit ’trivselfylke’ for ungdom.

¹ Alle rapportane er tilgjengeleg elektronisk på Vestlandsforskning si heimeside (www.vestforsk.no). I tillegg er samandraget for rapportane lagt ved i denne rapporten.

I evaluering av Ung i Sogn og Fjordane peikar vi på at breidda i tiltaka både innhaldsmessig, og breidda i forhold til målgrupper gjer at ein når svært mange unge i fylket. Vi ser også at mange av tiltaka er områder dei unge peikar på som viktige for dei i kvardagen, uavhengig av om dei er involverte i utvikling av tiltak eller ikkje. Det er sjølv sagt umogeleg å årsaksforklara trivsel med ei offentleg satsing. Men gjennom systematisk arbeid vil ein gradvis auke kunnskapsgrunnlaget, og vere meir målretta i tiltak for barn og unge.

Fylket har også laga ein modell som systematisk sikrar at ulike etatar og organisasjonar er samordna i satsinga på unge. Utan å slå fast at det fungerer slik til ei kvar tid, er det er grunn til å tru at kunnskapsutviklinga er betre når fleire både snakkar og arbeider saman. Stor grad av deltaking av dei unge i programmet støttar også under dette.

Rapporten *Ungdom og livsmeining* byggjer på ei empirisk undersøking gjennomført blant ungdom i Sogn og Fjordane fylke. Den eine delen er ei kvalitativ undersøking av eit representativt utval 17-åringar i fylket. Ein annan del av datagrunnlaget er stilar skrivne av elevar på vidaregåande skule. Den tredje delen av datagrunnlaget er intervju med vaksne personar i fylket som arbeider med ungdom.

I ei første fase av prosjektet var utgangspunktet å systematisere kunnskapar opparbeida gjennom eit tiltaksprosjekt i Flora kommune – ”*UngPro*”. Dette prosjektet var ei støtte til unge som av ulike grunnar hadde problem med å gjennomføre utdanning eller etablere stabile arbeidsforhold. Arbeidet i første fase er publisert i eit notat (Ødven 2001). Notatet er både ein gjennomgang av litteratur på området og ei konkretisering av problemstillingane gjennom ulike profilar av unge som slit. Desse unge har problem med å kome vidare i livet, og strevar både sosialt og med å få arbeid og utdanning.²

I fase to følgjer vi opp desse analysane gjennom intervju med eit utval vaksne som arbeider med unge, og gjennom ei kvantitativ undersøking der alle elevar i andre året på 5 vidaregåande skular i fylket er informantar.³

Problemstilling og metode

På den eine sida møter vi eit stort fleirtal unge med tru på livet og med stor trivsel i kvardagen, og på same tid møter vi unge som slit og som ikkje har det godt.

Hovudproblemstillinga er om *dei unge i Sogn og Fjordane kjenner meining med det dei gjer?* Korleis taklar dei vanlege ungdomane kvardagen? Er det mange som har problem med å finne meining i livet sitt? Kva er det desse ungdomane strevar med? Er det forskjell på jenter og gutter i slike spørsmål?

² I fase 1 var Anne Merete Ødven (sosiolog) prosjektmedarbeidar, og gjennomførte intervju, systematisering av data, utarbeidning av profilar og er hovudforfattar av notatet.

³ I starten av fase 2 er både Anne Merete Ødven og Maaike Renkema (utdanningspsykolog) prosjektmedarbeidrarar. Berit Bringedal VF (sosiolog), har vore prosjektrettar og VF-ansvarleg for prosjektet. Astrid Øydvin (sosialpedagog) har hatt hovudansvar for gjennomføring og rapportering. I sluttfasa har Edvard Befring (Universitetet i Oslo/Høgskulen i Sogn og Fjordane) hatt rettleiing på prosjektet.

Metode

Når vi planla undersøkinga var det meininga at den kvantitative delen skulle fortelje om kor mange unge som slit og nokre kjenneteikn ved problema. Dei kvalitative delane, intervju med vaksne og intervju med unge frå evalueringa av Ung i Sogn og Fjordane, går meir i djupna på spørsmåla om kva som skapar meining i livet til dei unge. Kartlegginga gjev eit bilde av den store gruppa med unge som har det godt og ei lita gruppe med unge som slit. Men vi sit likevel med mange spørsmål når vi skal tolke resultata i den kvantitative delen av undersøkinga. Det som er problem med denne typen undersøkingar er at dei berre gjev eit bilde av dei unge sine haldningar, og gjev ikkje nok informasjon for å kunne forstå bakgrunnen for haldningane. For fullt ut forstår svara deira treng ein å gå meir i djupna for å sjå korleis dei tolkar spørsmåla, og få fram nyansane i svara deira. Når grupper av dei unge svarer at fridom eller å vere trygg er det viktigaste for dei, er dette viktig informasjon i seg sjølv. Men eit intervju ville kunne gje eit betre bilde av kva dei legg i omgrepet fridom, men andre ord kva som er bakgrunnen for tankane deira.

Den kvantitative delen av undersøkinga gjev eit bilde av omfanget av unge som strevar med livet sitt på ulike måtar. I intervju med dei vaksne får ein inntrykk av at problema er større enn det resultata frå spørjeskjemaundersøkinga. Det kan vere fleire forklaringar på dette. Det er ikkje noko som tyder på at dei unge underrapporterer når dei svarer. Dei vaksne informantane har arbeidsoppgåver som på ulike måtar omfattar unge sine problem, og det er rimeleg å spørje om ein på den måten får ei overfokusering? Samstundes melder dei om at dei er usikre på omfanget, men at dei bestemt har inntrykk av at der er aukande tal unge som strevar. Det aukande omfanget meiner dei heng saman med at nye grupper får problem, først og fremst dei flinke, vellykka jentene.

Kva manglar metodisk, kva svarer undersøkinga ikkje på? Skil unge i Sogn og Fjordane og oppvekstmiljøet deira seg frå resten av landet? Dersom det er grunn til å tru på det generelle bildet om at mange unge i det moderne samfunnet har det vanskeleg, skil dei unge i Sogn og Fjordane seg ut. Men denne undersøking gjev ikkje empirisk grunnlag for å vurdere det. Vi har heller ikkje arbeida systematisk med å samanlikne nasjonale studiar. Det ligg utanfor ramma for denne undersøkinga.

Datagrunnlaget

Datagrunnlaget er sett saman av fleire ulike delar.

- Intervju med vaksne som arbeider med unge. Yrkesgruppene som er representert er helsesøster, ungdomsleiarar, lærarar, legar, medarbeidrarar i barne- og ungdomspsykiatrien. Informantane er valde etter informasjon frå ulike nøkkelpersonar i desse kommunane, og informantane er personar som har lang røysnle med arbeid med barn og unge. Desse er profesjonelle på arbeid med ungdom som strevar med livet sitt, og vi stiller spørsmål om kva problem har dei og ser dei ei utvikling med nye grupper med ungdom som har manglande livsmeining. Intervjua har vi fokus på dei som har problem, men vi spør også om generelle refleksjonar rundt det å vere ung i

fylket.⁴ Intervjua vart gjennomført etter ein intervjuguide, men var opne. Spørsmåla i guiden fungerte som ei tematisk ramme.

- I fase 1 i prosjektet laga vi tre profilar på ungdom: tre typiske ungdomar som har problem med å kome vidare i livet. Profilane er konstruerte og bygde på røynsler frå UngPro, Flora kommune.
- Spørjeskjemaundersøking til alle andreklassingar på 5 vidaregåande skular i fylket. Gjennom utvalet på skular dekka vi dei fleste studierettingane.

I den delen av rapporten som handlar om keisemd har vi nytta data frå to andre undersøkingar gjennomført i fagmiljøet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane:

- Intervju med unge (Ungdomskulturer og verdier: Bringedal 2000)
- 51 stilar der dei unge frå 2. klasse på vidaregåande skule skriv om livsmeining og keisemd.⁵

Resultata frå desse undersøkingane er publisert i artikkelen "... *Fylt av ingen ting*".

Kjedsomheten og makten over livet, (Bringedal, B. og Osland, O. 2003).

Den kvantitative undersøkinga vart gjennomført på fem vidaregåande skular i fylket, med alle elevane som gjekk i andre klasse som informantar. Totalt utgjorde dette ei gruppe på 414, med elevar frå både yrkesfagleg og allmennfagleg studieretting. Ungdomane svara på spørjeskjemaet i ein time, slik at svarprosenten er naturleg nok høg. Frå av ei gruppe på 503 elevar (elevinntak) var det 414 elevar som svara. Ungdomane svara på spørjeskjemaet i ein skuletime, slik at svarprosenten er naturleg nok høg.

Utvalet

I den kvalitative delen av undersøkinga er det vaksne som arbeider med barn og unge som er intervjeta. Gruppa med informantar her denne yrkes-samansetjinga: Lærar, lege, miljøarbeidar, helsesøster og tilsette i barne- og ungdomspsykiatrien. Det vart gjennomført 15 kvalitative intervju. I fase I i undersøkinga vart ungdomar frå ein bykommune intervjeta. Dei var involvert i eit arbeid for unge i kommunen, og dei trengde hjelpe til å fullføre utdanning eller kome i gang i arbeidslivet.

Gruppa med unge som svarer i den kvantitative delen av undersøkinga er 414. Vi ser ei jamn kjønnsfordeling med 52% jenter og 48% gutter. Dei er elevar på vidaregåande skule – alle i andre året på fem vidaregåande skular i fylket. Ungdomane er frå både allmennfagleg og yrkesfagleg studieretting, både frå små og store vidaregåande skular, og frå bygda og meir tettbygde områder. Halvparten av denne ungdomsgruppa bur på hybel, like mange gutter og jenter. Gjennomsnittsalderen er 17,66 år.

Spørsmåla i den kvantitative delen i undersøkinga fokuserer livsmeining i tre hovudtema:

- Forhold til foreldre/vener/lærarar
- Livet mitt no og framtida mi
- Sjølvtillit, sjølvrealisering

⁴ Intervjuguide: Sjå vedlegg

⁵ Opgåveteksten: Sjå vedlegg

Spørsmåla er med nokre få unnatak formulert som påstandar som ungdomane skal vere ueining/eining i på ein skala. I spørsmåla som handlar om verdiar har vi nytta andre europeiske undersøkingar som eit utgangspunkt. Ingen av spørsmåla er opne, alle har faste svarkategoriar.

Mange elevar kommenterte skjemaet, og reaksjonane på skjemaet og tema i dei var både sterke og svært ulike. Mange hadde reaksjonar som at endeleg er det nokon som tek opp dette temaet, dette er viktig for meg. Andre melde frå at dette har du ikkje noko med, men valde likevel å svare på spørsmåla. Mange av spørsmåla er svært personlege, og vi hadde venta reaksjonar. Kommentarane viser eit stort engasjement, og med nokre unntak ser svara ut til å vere konsistente og at dei tok spørsmåla på alvor.

I tolking av svara er det viktig å ha eit perspektiv på at svara kan vere uttrykk for kva dei vil vere, vil tenkje – kva identitet dei ønskjer å ha. For å vite meir om korleis dei faktisk handlar i forhold til verdiar og eigne tankar, måtte vi nytta andre tilnærmingar og andre metodar. Kvalitative data fortal meir konkret om korleis dei forstår dei ulike spørsmåla, og kva dei legg i svara sine. Undersøkinga gjev verdifull informasjon om tankar dei unge har om livet sitt.

Kva svarer ikkje undersøkinga på?

Kva vil det seie for ei jente at fridom er viktig for ho, kva legg ho i fridom? Og kva legg ein gut på 17 i svaret at det viktigaste for han er å vere sosial? Når vi tolkar svara ser vi det som viktig å understreke at det dei svarer i stor grad kan vere uttrykk for kva dei vil vere, vil tenkje – kva identitet dei ønskjer å ha. Dette er eit viktig poeng, og vi har ikkje data på det. Undersøkinga burde i større grad samanlikna resultata i dei kvalitative data, og utdjupa konkret i korleis dei forstår dei ulike spørsmåla, og kva dei legg i svara sine.

Teorigrunnlag

Vi har i hovudsak ei tredeling i teoretisk tilnærming, og desse tre punkta handlar om: Livsmeining, ungdomstid i endring – ”vi” og ”dei andre” og identitetsskaping og kjønn.

Livsmeining

Vi tek utgangspunkt i ei kvardagsleg forståing av livsmeining: det som skapar *livslyst og pågangsmot* (Befring 2004:36). Befring viser til Hjort (1996) som hevdar at dei som får ein vellukka oppvekst for ein stor del er prega av personlege eigenskapar som sjølvtillit, optimisme og eit lyst sinn. Dei opplever trivsel og tryggleik i kvardagen, noko som gjev overskot til å meistre påkjennингane i livet. Dei har ofte sosial støtte frå familie, vene og naboor, dei er ikkje åleine og har lært seg å vere hyggjelege menneske, og blir godt likte. Dei har ein identitet i eit kulturelt fellesskap.

Ein veg vidare inn til omgrepene er å sjå det i eit psykologisk perspektiv, og her er forskingstradisjonen stor.

Vi kan skilje mellom

- ikkje å tru på meiningsverdi i livet (kognitiv komponent)
- å kjede seg (affektiv komponent)
- mangel/selektivitet på aktivitet (åtferdskomponent) (Maddi 1967 etter Debats 1990).

Dess færre meiningsberande og stimulerande opplevingar og situasjonar ein er i, dess meir aukar kjensla av å kjede seg, eller om keisemda blir stor nok – avmakt i forhold til livet sitt. Mangelen av ulike element i livet som gjev livsmeining vil i større eller mindre grad skape ei kjensle av at ein kjedar seg. Ein finn ikkje meinung i det å vere til, og ein har ikkje nok pågangsmot til å ta grep om livet sitt.

Livsmeining er relatert til å vere tilfreds i livet, velvære (Debats 1990) og ei positiv livsholdning (Maslow 1962). Mangel på livsmeining har tradisjonelt vore relatert til psykopatologi (Yalom 1980).

Både teoretisk og empirisk er det god støtte for å hevde at livsmeining er avgjerande for om ungdom har det bra eller ikkje. Mange meiner og at livsmeining har forskjellig form i forskjellige utviklingsstadium i livet (jfr t.d. Peker, Peacock & Wong 1987). Nokre forskrarar hevdar rett nok at det som gjer generasjonar ulike, er viktigare enn utvikling i ulike livsfaser (Hellevik 2001). Endringar i samfunnet er den viktigaste kjelda til forskjellar: stigande krav til forbruk, aukande tilbod og reklame forsterkar ei utvikling der vi møter ungdom som kanskje er meir materialistiske enn eldre.

Det er eit ideal i samfunnet vårt i at du skal ha fridom til å velje. I dette ligg det samtidig ei frykt for å velje feil. Kva føresetnad har du for å sjå konsekvensar av alle dei vala du må ta? Det er mange alternativ, men å holde dei frå kvarandre krev mykje av deg. Du må skape din eigen identitet. Tilgang på pengar og ideen om at lykke ligger i det materielle er relativt framtredande hos mange ungdomar.

Omgrepet livsmeining er knytt til *verdi*. Verdiar står for kva kvar enkelt av oss prioriterer, kva vi ser som er verdt å streve etter og kva som er rett og gale. Vi kan også sjå verdiar som prinsipp som er eit grunnlag for val eller mønstre som ligg som ein basis - latente mønstre. Kvar av oss orienterer oss etter desse mønstra, dei er guiden for kva slags holdningar ein har i aktuelle spørsmål og korleis ein skal handle i bestemte situasjonar (Listhaug 1991). Nokre forskrarar definerer verdiar som ei stabil overbeising om at noko er å føretrekkje sosialt og personleg (Reich og Adcock 1973).

Verdiane våre er kriterium for bedømming eller abstrakte standardar for å ta avgjersler, og er reiskap for individ i utvikling av spesifikke haldningar. Dei set ein standard og er hjelptil å bedømme oss sjølv og andre. I tillegg er dei motiverande forstått slik at vi strevar for å leve opp til verdisynet vårt.

Eit viktig trekk i det seinmoderne samfunnet er at tradisjonar og skikkar ikkje i like stor utstrekning som før arvast og dermed heller ikkje bestemmer normene våre og måten vi handlar på. Vi er i sterkare grad atomiserte individ og må gjere eigne val og skape vår eigen identitet. Både individualiseringa og å vere avhengig av system vi ikkje kontrollerer eller forstår, kan gjere oss usikre. Innan sosiologien opererer ein med omgrepet ontologisk usikkerheit. Å kjenne seg ontologisk sikker vil seie at ein på eit ikkje medvite plan og på eit praktisk bevissthetsnivå har ”svar” på fundamentale eksistensiell spørsmål. (Giddens 2002:59-62, Trondman 1999). Det utrygge grip direkte inn i korleis vi oppfattar eigen livskvalitet.

Sosiale relasjonar i det moderne samfunnet

Den sekundære sosialiseringa spelar utvilsamt ei større og større rolle. Ungdomar sjølv meiner at skole, fritidsaktivitetar og media er viktigaste i forhold til kva som påverkar dei (Breidablikk 1997). I følgje Gullestad (1996) betyr dette ikkje at den primære sosialiseringa nødvendigvis er svekka. Verdiformidling i familien verker berre mindre fordi den er meir subtil.

Skårderud (2000) meiner at mange vaksne har lita tru på sin eigen kompetanse som oppdragarar. Dette kan bety at det er vanskeleg for ungdom å få den støtta dei treng hos foreldra sine. Men det kan også handle om at ein har forskjellig oppdragarstil: ungdom som har blitt oppdregne til å være seg sjølv greier seg betre enn dei som er oppdregne til å være lydige (Gullestad 1996).

Tidlege undersøkingar blant ungdom i Sogn & Fjordane frå 1976 viser at dei viktigaste elementa i konstruksjon av livsmeining var sosiale relasjonar og ’å bli til noko’. Breidablikk fikk i 1997 liknande svar frå elevar på den vidaregåande i Førde: vener, familie, god økonomi, ro i sjela og helse vart nemnt.

Forsking frå De Vogler og Ebersole (1983) viser at relasjonar er den viktigaste kjelda for livsmeining, deretter kjem tru, altruisme, hedonisme og sjølvrealisering.

I kva grad finn ungdom støtte i sosiale relasjonar når det gjelder å finne mening i tilveret? Kjenner dei seg respektert og verdsett?

"Vi" og "dei andre"

Skiljet mellom "vi" og "dei andre" er eit grunnleggande trekk i sosial samhandling. (Mead 1976, Goffman 1986, Trondman 1999). Dette ser vi og i forskinga på identitetsdanninga hos barn og unge, både nasjonalt og internasjonalt. Heggen mfl. (2003) og Trondman (1999) legg stor vekt på dette som ei sosial føring. Eit trekk er også at jamaldringane vert stadig viktigare i sosialiseringss prosessane.

Vi finn det same på lokalt nivå. Her har vi og sett eit skilje mellom allmennfag, og sitatet frå læraren nedanfor viser noko av skiljet mellom ungdomane på allmennfagleg og yrkesfagleg studieretning på vidaregåande skule.

"Skiljet mellom yrkes- og allmennfag er framleis svært tydeleg og sterkt, gutane på yrkesfag er svært sterke og ser ned på dei på allmenn som ikkje veit kva dei vil. Dette noko nytt. Tidlegare var det meir tydeleg at dei som gjekk på allmennfag var bestemt på at dei ville og skulle studere vidare. No er det mange som går på allmennfag berre for å gå på skule. Dei veit ikkje kva mål dei har med skulegangen. Dei har verkeleg ingen framtidssplanar." (Lærar på vidaregåande, allmennfagleg og yrkesfagleg)

I ein rapport gjev Jørgensen (1994) ei spanande skildring av korleis ungdom i eit vestlandssamfunn ser på kvarandre. Han skriv om sosiale og kulturelle forskjellar mellom to ungdomskulturar i ein bygdeby. Skiljet mellom allmennfaglege og yrkesfaglege elevar er eit av hovudtema, og Jørgensen drøftar både haldningar og handlingsmønster til dei unge.

I vaksenintervju i vår undersøking er kjønn eit tema dei stadig kjem tilbake til, og det ser ut til å vere overordna. Eit slikt funn er også tydeleg i spørjeundersøkinga med dei unge. I sitatet nedanfor fortel ein lærar på vidaregåande om korleis gutter og jenter er ulike.

Det er mange flere gutter som er aktive uansett om der er spesielt flinke eller ikke. De tør og går fram, fortsatt er det sånn. De jentene som tør er også ofte engasjert i noe utenfor skolen. De er vant til og tør å ikke være mainstream, tør å være kontroversiell og gi uttrykk for meningen sine. De tør å være litt uthengt og neste litt mobbet; "der kommer du igjen". Noen få er sterke og flinke og høylytte, men de fleste flinke jenter er stille og jobber godt. Man ser det i skriftlig arbeid eller i mindre grupper og samtaler, men i plenum er de nesten ikke i stand til å komme fram. (Lærar vidaregåande skule)

Men vi finn også ulike grupper av jenter. Dei stille, flinke jentene vert karakterisert som alvorlege, medan dei "svake" jentene verker å ha meir livsglede. *Noen er utrolig alvorlige, er veldig stille og vanskelig å nå*, seier ein lærar. Pedagogisk forsking (Imsen 1998) fortel om ein skule som ofte har for lita tid til å følgje opp kvar einskild elev. Inntrykket er at ei gruppe av dei stille jentene kjenner seg utanfor. Dei opplever festekulturen som gjeldande i gruppa med ungdom dei skulle tilhøre, og i forhold til dette ser dei seg sjølve som perifere. Dei likar å lese, vere heime. Når dei i tillegg ikkje er med i idrett er dei heilt utanfor. Det er sannsynlegvis fleire gutter som høyrer til anten i eit miljø, nokre gutter slit også med å få innpass, men dei ser det som eit større problem for jenter. Vi ser tydeleg i det empiriske materialet at det er forskjell på ulike grupper unge, og at dei lever med ei grunnleggande kjensle av eit "vi" og "dei andre".

Identitet

Vi ser også at identitetsdanninga er viktig for dei unge. Sentralt i overgangen mellom å vere barn til å bli vaksen, er korleis eigen identitet vert danna. Dette er eit tema som ein kan nyta ulike faglege perspektiv på for å forstå. Det er både eit individuelt psykologisk og kognitivt prosjekt, og det er like mykje eit sosialt fenomen. Avhengig av kva fagtradisjonar ein er i, vil ein nyte ulike teoretiske modellar for å utvikle omgrep, legge meinings i omgropa og konkretisere komplekse prosessar.

Identitet og utikling er ein prosess som er plassert i det innerste i kvart individ, men er like mykje knytt til kven ein høyrer til som gruppe (Heggen et.al. 2001). Omgrepet inneheld ei forståing av individuelle opplevingar av å vere seg sjølv, og til å vere det same som nokre andre (Eriksen 1968 etter Heggen et.al. 2001).

Ungdomane gjev klart uttrykk for at dei har meiningsar og haldningar. 82 % av gruppa samla seier dei har klare meiningsar om saker, og meiner at dei tek stilling. Fleire jenter svarer at dei er heilt einig i dette. Når vi stiller spørsmål om der viktig for dei å vere politisk engasjert, svarer dei negativt, og 43% er heilt ueining i at dette er viktig for dei. 19% er einig at det er viktig. Her er det ikkje forskjellar på korleis jenter og gutter svarer.

Vi stiller spørsmål om dei har tenkt mykje på etikk, religion og livssynsspørsmål og ser at dette ikkje det dei tenkjer mest på, 58 % er ueinig. "Tenkjarane" utgjer likevel ei relativt stor gruppe på 23 %. Det er flest jenter er flest i denne gruppa.

Kjønn, identitet og verdiar

Jenter i Skandinavia ser ut til å utvikle ein type identitet som tek med seg nye verdiar i synet deira på val i livet, vidare i dette avsnittet vil vi særleg sjå på forskinga som m.a. Bjerrum Nielsen har utvikla teori rundt.

Pedersen (1998) hevder at jenter er meir tilpassa det moderne velferdssamfunnets krav på ved at dei har utviklar både feminine og maskuline trekk. Gutar derimot held seg meir til maskuline eigenskapar. Dette visast i at jenter gjer det betre på skulen, fleire studerer på universitet, har høgare kulturell kapital og eit betre sosialt nettverk.

Guter er meir belasta i høve kriminalitet, rus og sjølvord. Dette bildet er ikkje så eintydig som det kan sjå ut som: Stadig fleire jenter slit med angst, depresjonar og lågt sjølvbilde. I intervju med ulike typar ungdomsarbeidarar er det mange som peikar på dette.

Livsmeining konstruerast ulikt av jenter og gutter. I nasjonale undersøkingar finn vi at gutter er mest opptekne av konkurranse, arbeid og nytteverdi. Dessutan er dei meir pessimistiske i synet på framtida. Jenter nemner relasjonar som viktigaste meiningskjelde og legg vekt på å tilfredsstille andre sine behov (Burkeland, 1998). I den kvantitative delen av undersøkinga vår ser vi svar som viser andre retningar, men som like fullt viser store kjønnsforskjellar. Anna forsking finn einaste forskjell at livsmeining hos jenter er meir basert på relasjonar enn hos gutter (Debats 1996).

Bjerrum Nielsen (2004) seier at unge kvinner tek ein ny posisjon i det moderne samfunnet⁶, ein subjektposisjon. Tidlegare har posisjonen deira vore prega av at dei ikkje er forstått som individ, men som ei gruppe. Forventingar til dei som kvinner var i sterkare grad eit spørsmål om identitet i ei kjønna gruppe. I dette ligg det at det har vorte meir nødvendig for jenter enn gutter å stille spørsmål om kven dei er og kva dei ønskjer å bli. Gjennom slike spørsmål utviklar dei den refleksive moderniteten, og gradvis flyttar dei normene for korleis kjønn, kropp og seksualitet vert presentert i det offentlege. Ved å gje nye rammer til seksualitet og moral både offentleg og privat har dei i følgje Bjerrum Nielsen gitt rom til ein ny subjektivitet hos kvinner som ikkje berre har å gjere med kjønn. Det er ein del av utvikling av kultur og samfunn, og det livet vi lever i Skandinavia.

Artikkelen til Bjerrum Nielsen tek utgangspunkt i forsking som dokumenterer at jenter har betre resultat enn gutter i alle fag utan om kroppsøving. Dette vekte oppsikt, og forskarar stilte spørsmål om vi har fått ei feminisering av skulen sine verdiar. Noko av det som vert hevd er at slike verdiar gjev fordelar til jentene som konforme, lærevillege og føyelege. Gutane er meir aktive, kreative og stoler meir på seg sjølv, og dette meiner mange straffar seg for dei. Dette er Bjerrum Nielsen grunnleggande kritisk til: for det første viser ho ein at slike forklaringar gjev eit skeivt bilde av kjønnsforskjellane. Forklaringane tek heller ikkje høgde for at det er store forskjellar både i jentegruppa og gruppa med gutter. Men mest av alt er ho forundra over at dei pedagogiske forskarane ikkje har oppdaga at det minkar på dei stille og ”gjere-til-lags”-jentene (Bjerrum Nielsen 2004:10). Den akademiske suksessen deira speglar heller at dei har ei evne til å takle det moderne heller enn det motsette. Mange forskarar har nettopp sett ei ”ny” jente som er aktiv, kritisk og refleksiv, og som ikkje har problem med å bli høyrt offentleg og som står for eigne meininger. Dette ser vi tydeleg i Ung i Sogn og Fjordane, jentene er med på alle nivå og er synlege. Samanlikna med mødrene og bestemødrene, er desse jentene, spesielt middel-klasse-jentene, langt meir politisk orienterte og oppdaterte. Så i leiting på forklaring på kvifor jenter gjer det betre akademisk enn gutter burde ein heller sjå på nokre jenter sin nye individualitet og nokre gutter sin gamle måte å vere gut på. Klasse og etnisitet vil og vere viktige forklaringsfaktorar.

Bjerrum Nielsen viser korleis vi kan sjå den nye subjekt-posisjonen til jentene ved å sjå korleis grunnleggande haldingar til meiningsmedlivet har endra seg gjennom tre generasjoner. Først og fremst peikar ho på at mange jenter ser ut til å kombinere subjekt-posisjonen i både høg og låg grad av modernitet. Jentene lengtar framleis etter vakker utsjånad og nytting, men er i stand til å kombinere det med å vere rasjonelle, i sjølvkontroll og sjølvstendige individ.

Vi ser ei kulturell endring mot ei auka individualisering og ei vektlegging av det psykologiske ’sjølvet’ som eit generelt fenomen i det sein-moderne. For kvinner er det i følgje Bjerrum Nielsen ikkje berre eit spørsmål om individualisering i større eller mindre grad, men ei helt ny form for identitet. Det nye skil seg frå todelinga mellom kjønn og kjønnsroller som definerer menn som individ og kvinner som medlem i ei kjønna gruppe. Dei unge kvinnene ser ut til å meistre dei typane kompetanse som er nødvendig i eit moderne samfunn: refleksjon, sjølv-observasjon og den personlege historieforteljinga (narrativ om seg sjølv). Dette er funksjonar som tradisjonelt har vore kvinnelege, og følgjeleg er det heller ikkje grunn til å bli forundra når jentene i større grad enn gutane meistrar sider ved det moderne samfunnet. I følgje Bjerrum Nielsen er det større grunn til å stille spørsmål korleis dei greier å kombinere desse

⁶ Modernitet kan koplast nært mot det industrielle samfunnet, og utviklinga av dei sosiale relasjonane som følgde med industrialisering. (Giddens 2002:11, 26). Tvil er grunnleggande trekk ved den moderne kritiske fornuft. I det sein-moderne samfunnet, den notidige verda, må ’sjølvet’ skapast refleksivt på same måten som den institusjonelle konteksten. Denne oppgåva må gjerast i eit mylder av mogelege val og tilbod.

kvalitetane med autonomien som har vore kjenneteikn på det maskuline. For kvinnene har dette vore ein prosess sidan 1920-åra. Individualiseringa har funne seg ulike vegar for kvinner og menn, men for kvinner har det handla om å 'arbeide gjennom kjønn'. I staden for ope å utfordre kjønnsstrukturar slik som tidlegare feministar gjorde, har dei unge kvinnene innordna seg i kjønnsstrukturane. Ein konsekvens er at dei har gjort seksualitet og moral meir offentleg og på den måten vore med på ei endring av kjønnsdiskursar.

Styrkinga av subjekt-posisjonen gjer det lettare for dei unge jentene å takle den offentlege scena. Ikkje berre på skular, men også på 'ungdomsscena, der hovudpoenget ikkje lenger er å vere populær, men å stå fram som den svært spesielle personen ein er. Det er lett å identifisere nokre sentrale verdiar i dette: originalitet, realisering av einsjølv som eit heilt unikt individ, følgje opp og utvikle eigne talent og evner, interesse og lyst. (Bjerrum Nielsen 2004:18) Seksualiteten er viktig, og her ser vi mange mønster frå ei tid med verdiar som er endra no. Mange jenter kjenner seg brydde ved tanken på at dei ikkje er så aktive i å ta seksuelle initiativ som dei meiner ei sjølvstendig, likestilt og sjølvbevisst jente skal gjere. Det er meir moro om andre spør deg om å danse enn å måtte spørje sjølv. Vi ser også at for den yngre generasjonen er det langt meir farleg for jenter enn gutter å få eit dårleg rykte på seg. Det er og interessant å sjå at dei sjølve er nøyne på moralen, men dei har endra den: Ei billeg jente er ikkje definert som ei med dårleg moral, men ei som posisjonerer seg som objekt for andre sitt begjær, i staden for å gjere sine eigne val. Den nye sjølvstendige jenta har den eksponerte jenta som "dei andre", på same måten som bestemora "sine andre" jenter var dei billege jentene som var lause på tråden.

Grunnleggande verdiar har altså endra seg for jenter og kvinner i Skandinavia. I bestemor-generasjonen var spenninga mellom plikt og egoisme. Positiv sjølvidentitet låg i det å meistre livet og klare seg sjølv, gjere plikta si og få ros. I mor-generasjonen ligg motsetninga mellom keisemd og popularitet. Å vere sin eigen var ikkje knytt til egoisme men til frykta for å kjede seg og einsemde. Positiv sjølv-identitet hang saman med å vere populær, både i intime relasjoner og å kjenne seg elskaa av andre. Sentrale psykologiske konfliktar såg ut til henge saman med separasjon og låst sjølvbilde som følgje av ikkje å ha vore smart nok eller populær nok. I dotter-generasjonen er spenninga opplevd som noko som ligg mellom konformitet og kreativitet.

Finn vi forskjell i verdiar, sosialt nettverk og syn på framtid i undersøkinga vår? Er det samanheng mellom disse elementa og om de ser like positiv/negativ på valfridomen og ansvaret dei får, har like sjansar til sjølvrealisering og er like aktiv/passiv i forhold til samfunnsspørsmål?

Vi finn og kjønnsforskjellar i korleis gutter og jenter handlar i forhold til keisemd. Ein gut snakkar om det på denne måten: "*På fest snakkar gutane om artige ting, snowboard og slikt og dei ler. Jentene snakkar om gutter, og dei grine.*"

For mange av jentene ser det ut til at dei skapar sine eigne sterke opplevelingar gjennom dramatiske fortolkingar av relasjoner. Både forhold til foreldra, vener og kjærestar blir ofte omtala i dramatiske vendingar. Venninner skal først og fremst vere lojale: du skal ikkje rote med typen min osb. Veninnekrinsen er det viktigaste. Gutane omtalar sjeldnare relasjoner i det heile, i den grad dei gjere det ser det ut til å vere mindre emosjonelt og meir i form av rasjonelle konstantringar. Her viser den kvantitative delen av undersøkinga viktige forskjellar mellom gutter og jenter både i forholdet til vener og til vaksne.

Ein lærar observerer at dei unge ser ulikt på i kor stor grad ein kan ha kontroll på eige liv. I diskusjon med dei unge meiner læraren å sjå at gutane og jentene har heilt forskjellig syn på framtida.

"For mange av jentene er kjærleiken alt; det blir frustrerande fordi dei eigentleg har veldig lite makt fordi ein er avhengig av den ein gir heile kjærleiken til. Diskusjonen gjekk vidare til omhandle kor mykje ein kan bestemme sjølv og kor mykje makt ein eigentleg har over framtida og det som skal skje. Det var tydeleg at gutane var meir klare på ein skal kunne bestemme mykje sjølv. Om det er realistisk eller ikkje er ikkje så interessant. Men gutane hadde ei mykje meir optimistisk haldning til eiga makt. Jentene virka meir som at på ein måte er det er stor fridom, men på den andre sida er det for mye å ta stilling til. Dei verkar litt smådepressive. Kva kan man satse på, og kva kan ein påverke? Nokre berre svever og får impulsane sine fra ein eller annan stad, men det er svært lite bevisst. De driv berre."

Her viser den kvantitative delen av undersøkinga viktige forskjellar mellom gutter og jenter både i forholdet til vener og til vaksne.

Nedanfor viser vi ein systematisk gjennomgang alle svar med forskjell mellom jenter og gutter.

- Gutar har meir tru på at lærarane syns dei er flinke.
- Jentene er i større grad einig i at foreldre og vener støttar dei i vala dei må ta.
- Jentene er i større grad eining i at dei kjenner dei kan vere seg sjølve med familie, men svar skil seg ikkje frå gutane i forhold til å vere seg sjølv blant vene og på skulen.
- Det er fleire jenter enn gutter som kjenner seg einsame.
- Det er fleire jenter som meiner dei får hjelp av andre til å utvikle meininger.
- Det er mange fleire jenter enn gutter som er redd for å gjere feil framtidaval.
- Jentene er oftare triste og leie.
- Når jenter er lei og trist eller treng hjelp med eit problem, søker dei i større grad enn gutane hjelp hos vene og foreldre.
- Gutane er i større grad nøgd med det norske samfunnet, stolte over å vere frå Noreg og Sogn og Fjordane.
- Det er fleire gutter som tykkjer det bli gjort for lite for ungdom.
- Jentene kjenner i større grad avmakt i forhold til korleis verda utviklar seg, og let seg i større grad påverke av tankar om samfunns- og verdsproblem.
- Jentene er i mindre grad enn gutane nøgde med seg sjølve.
- Jentene er i mindre grad eining i at dei brukar og utviklar talenta sine i aktivitetar.
- Jentene er i større grad eining i at dei tenkjer på etikk, religion og livssynsspørsmål.
- Jentene meiner i større grad at det er viktig å vere til nytte for andre, medan langt fleire gutter meiner det er viktig for dei å tene mykje pengar.
- I spørsmål om verdiar finn vi verkeleg store forskjellar mellom jenter og gutter, dette drøftar vi vidare i punktet om verdiar seinare i rapporten.

Oppsummert ser vi at det er grunnleggande forskjellar på korleis jenter og gutter tenkjer om viktige spørsmål i identitetsdanning og syn på framtida.

På nokre punkt er det også eit poeng å sjå at svara frå jenter og gutter skil seg frå kvarandre. Det er viktig å merke seg at det er små forskjellar på svara frå gutane og jentene i

forhold til forventingar frå andre, om det å ta ansvar og krav som vert stilte til dei. Vidare er det er lite som skil gutane og jentene i korleis dei ser på framtida, at dei vil få det bra og at dei kan realisere draumar men at det kan vere vanskeleg å gjere dei rette vala.

Er fritidsaktivitetar meir i tråd med guitar si interesse enn jentene? I svara ser vi at jenter og guitar svarer likt på om dei har lag og organisasjonar i nærleiken, og at dei i like stor grad meiner dei har noko meiningsfullt å drive på med. Det er heller ikkje forskjellar i kor vidt dei syns livet er kjedeleg eller ikkje, om dei brukar tid dei ikkje ser vitsen i, og om det dei driv på med set farge på livet.

Det er ingen kjønnsforskjellar i kor vidt dei har meininger om saker, og kor vidt det er viktig å vere politisk aktiv. På same måten svarer dei likt på at poenget med å leve er å ha det moro. Det er også interessant å sjå at det ikkje er forskjellar i svara på kor viktig det å ha ein fin kropp er.

Ungdomstida i endring

Medan alderen for kjønnsmodning har vorte lågare dei siste tiåra, har den psykiske modningsperioden blitt lengre, hevder nokre (Ungdomsrapporten 1996). Noko av forklaringa på dette er at samfunnet har blitt så komplekst at ungdom treng ein lengre innføringsperiode, mellom anna lengre utdanning.

Det er tre trekk som er viktige og typiske for ungdomsfasa i livet (Bringedal et.al. 2003).

- Endring av identitet frå barn til ungdom. Dei gamle og kjente merka for kven ein er fell bort, og ein må lage seg nye. I utviklingspsykologien kallar ein det for tapsproblematikk: det kjente fell bort og før ein har danna ein ny identitet kan ein ofte kjenne tomhet.
- Det andre er knytt til det som mange kallar eit ”seinmoderne samfunn”, og det er kjenneteikna ved at identiteten den enkelt har blir ”kulturelt fristilt”. Det betyr at den kulturen den enkelte vekse opp i ikkje på same måten som før avgjer kva livet utviklar seg til for den einskilde. Du må i større grad skape ditt eige liv. På den måten kjem tankane om *kvifor* du lever som du gjere oftare. Du må stadig spørje *kvifor* og grunngje val du gjere.
- Ungdomstida er og karakterisert av rask kroppsleg endring. Det indre trykket er stort, og ytre trykk i form av høg musikk, stor fart, sterke actionfilmar kan vere stimuli som hjelper: det ytre trykket nøytraliserer det indre trykket, i alle fall for ei stund.

Ungdom er såleis lengre i ei gråsone mellom barn og voksen. Kva som er mogeleg for deg og forventingar kan derfor bli uklart og ungdomsperioden kan bli ei periode som er kjenneteikna av at mykje er usikkert. I materialet vårt ser vi ei side av dette, det vi kan kalte eit dobbelt ansikt: du er usikker og du er sikker og full av ungdommeleg vågemot, og har tru på livsprosjektet.

Eit raskare og raskare endrande samfunn krev meir fleksible menneske. Dette medfører risiko for å miste relasjonen til seg sjølv. Kodane i samfunnet er meir uklare. Uklare kodar vert ei forklaring på at eit av dei viktigaste ideala er sjølvrealisering (Skårderud 2000). Samtidig som ein skal vere fleksibel og skal ein realisere seg sjølv. Dessutan stiller samfunnet høge krav i forhold til utdanning, til å vere sosial og til å ha ein fin kropp (Foreldremagasinet 7-2001).

Tradisjonar som vert mindre viktige og borte og aukande grad av individualisering gjør at ungdom er 'henvist til å skape seg selv' (Förnas 1984).

Men korleis opplever ungdom dette? Tykkjer dei at det er vanskeleg å finne seg sjølv blant så mange val eller set dei pris på fridomen? Kjenner dei at det vert stilt for høge krav til dei, eller tykkjer dei at dei ikkje får nok ansvar?

Verdiar - kva er viktig for meg?

Vi får mykje interessant informasjon når vi stiller spørsmål om kva som er viktig for dei unge. 86% er einig i påstanden om at poenget med å leve er å ha det moro. Her svarer gutane og jentene likt. Men i eit anna spørsmål som tek opp det same, ser vi store forskjellar mellom svara til jenter og guitar.

Også her svarer mange at dei er einig (86%), men litt færre er heilt einig enn på det forrige spørsmålet. 4,1 % er ueinig, og 91,9 % av jentene er einig/heilt einig, tilsvarande tal frå gutane er 78,8. I svaralternativ heilt einig er der differanse på 25,1 mellom jenter og guitar, jentene markerer langt sterkare ein tanke om å ville vere til nytte for andre.

Eg synest det er viktig å kunne vere til nytte for andre.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 0,7 | 3,4 | 10,3 | 39,3 | 46,2 |
| jenter: | 0 | 1,4 | 6,7 | 33,5 | 58,4 |
| guitar: | 1,5 | 5,6 | 14,1 | 45,5 | 33,3 |

Eg synest det er viktig å kunne vere til nytte for andre.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | ,7 | 3,4 | 10,3 | 39,3 | 46,2 |
| jenter: | 0 | 1,4 | 6,7 | 33,5 | 58,4 |
| guitar: | 1,5 | 5,6 | 14,1 | 45,5 | 33,3 |

Vi stiller spørsmålet på ein annan måte seinare, og då får vi same forskjellane mellom jenter og guitar. Jentene svarer i langt større grad at å vere der for andre er viktig for dei.

Det er viktig for meg å ha ein fin kropp.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 6,9 | 10,8 | 28,3 | 28,3 | 13,3 |
| jenter: | 5,2 | 10,4 | 29,9 | 35,1 | 19,4 |
| guitar: | 8,7 | 11,2 | 26,5 | 35,7 | 17,9 |

Kropp er mykje mindre viktig enn å vere til nytte, svara viser ikkje kroppsfixeringa som vi hører om. Heller ikkje utsegn frå informantar om at jentene er meir opptekne av å ha ein fin kropp enn gutane. Men vi må ha i minne at dette er svar som speglar dei svara dei ønskjer å gje (framstilling av eigen identitet). Spør du ungdom om dei personleg er påverka av reklame, svarer dei nektande på det. Men der i mote er mange rundt dei styrt av reklame. Vi finn truleg ein parallel i svaret på dette spørsmålet?

Det er viktig for meg å tene mykje pengar.

| % n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|--------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 3,7 | 7,6 | 28,3 | 34,8 | 30,1 |
| jenter: | 4,7 | 10,0 | 26,1 | 37,0 | 22,8 |
| gutar: | 2,5 | 5,1 | 21,3 | 32,5 | 38,6 |


Gruppa som meiner at det er viktig for dei å tene mykje pengar utgjer 65%, jentene 60 % og gutane 71%. Gutane har også langt fleire i gruppa som svarer dei er heilt einig. Det er samsvar mellom desse svara og dei andre spørsmåla som går på verdiar i forhold til det materielle, gutane er generelt meir opptekne av løn og andre materielle forhold.

I praksis styrer prinsippa mine i lita grad korleis eg leve.

| % n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|--------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 8,8 | 23,7 | 41,8 | 20,0 | 5,4 |
| jenter: | 11,4 | 26,1 | 42,2 | 17,5 | 2,4 |
| gutar: | 6,1 | 21,2 | 41,4 | 22,7 | 8,6 |

Fleirtalet er i 0-svaralternativet, og kanskje ser vi eit spørsmål dei er usikre på. Det er i alle fall få som meiner at prinsippa deira styrer livet, ikkje motsett heller. Når så mange plasserer seg midt på skalaen, tyder det på at dei ikkje veit kva vi meiner med spørsmålet, eller at dei ikkje har tenkt på det i særleg grad, og kanskje handlar det om formuleringa – at spørsmålet må konkretiserast før det gjev mening. Jentene er i større grad einig enn gutane.

Dei fem viktigaste verdiane for dei unge



Verdiane som er viktigaste for denne gruppa med ungdomar er fridom, å vere sosial, å vere trygg, glede og/eller spenning. Alle desse svaralternativa har over 60%, og er viktige både for jenter og gutter. Men i dette spørsmålet finn vi svært interessante forskjellar mellom jenter og gutter.

Når vi splittar desse svara på kjønn, får vi denne fordelinga:

| Jenter: | | Gutar: | |
|----------------------------|-----|-----------------------------------|-----|
| 1: Å vere trygg | 78% | 1: Å vere sosial | 68% |
| 2: Fridom | 73% | 2: Glede og/eller spenning | 68% |
| 3: Å vere sosial | 64% | 3: Fridom | 64% |
| 4: Å hjelpe andre | 63% | 4: Løn, eidegdom (det materielle) | 56% |
| 5: Glede og/eller spenning | 61% | 5 : Å vere trygg | 50% |

Forskjellane mellom jenter og gutter er store, og der er svært interessante svar. Det er mange sider ved fordelinga som er verdt å sjå nøyare på.

Jentene viser på denne måten at det å vere trygg er svært viktig for dei, nesten 80% svarer at dette er viktig. Vi kan forstå behovet deira og kva dei legg i å vere trygg på fleire måtar, og dersom vi går til teoridefinisjonen vår vil det fyrst og fremst handle om ei ontologisk tryggleik. Ei kjensle av å vere trygg i forhold til det å vere til i livet. Det handlar om ei kjensle av stabile og forutseibare sosiale og kulturelle omgjevnadar. Det skal vere kontinuitet og orden i dagleglivet. Dette er nært knytt til forholdet vi har til dei rundt oss, både dei som er nære og som vi definerer oss som ein del av i eit fellesskap, og dei som vi ikkje er i fellesskap med ("dei andre"). (Heggen m.fl. 2003:61). Det som verkar inn på kjensla av å vere trygg er med andre ord like mykje knytt til det sosiale og kulturelle som til det materielle, og for jentene vil det i alle fall handle om å ha nære vene og vite noko om kven ho sjølv er, etablert ein identitet.

For jentene er også fridom viktig, meir enn for gutane. I intervju fortel jenter i denne alderen om at fridom i stor grad handlar om at dei kan vere som dei vil, forme sin eigen identitet og ta sine eigne val. Vi veit ikkje om det er eit svar på om dei har strengare grenser for kva dei får lov til av føresette og skule, slik det tradisjonelt sett har vore.

Men det kan også handle om framtida til jentene, at dei skal kunne ha fridom til å gjennomføre planar dei har om det ein av dei vaksne informantane ser dei drøymer om: framtidstraumen er ikkje å reise til Oslo eller Bergen, men ut i den store verden.

Svara frå gutane er også interessante. Ønskje om fellesskapet med andre er tydeleg også hos dei, men med ei anna vinkling. Det viktigaste for dei er å vere sosiale, og oppleve glede og/eller spenning. Det store fleirtalet av gutane vil altså gjere kjekke ting saman med vene, og dette er for så vidt ikkje oppsiktsvekkande. Men at dei svarer så forskjellig frå jentene er verd å merke seg. Ein nærliggande tolking er at deira behov for å vere saman med andre er opplevingane heller enn tryggleiken det gjev å ha nære vene. For jentene ser det ut til at samvere er knytt meir til eksistensielle spørsmål og å vere trygg i det, enn hos gutane.

Gutane er opptekne av materielle sider ved livet, definert som løn eller eidegdom o.l. Dette er ikkje viktig for jentene. Dei er der i mot opptekne av å hjelpe andre, medan svært få gutter svarer at dette er viktig.

Forhold til foreldre/vener/lærarar

Foreldra mine er nøgd med meg som dotter/son.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|-----|------|-------------|
| Totalt: | 0,5 | 1,2 | 6,8 | 19,0 | 72,4 |
| jenter: | | 1,4 | 7,0 | 16,4 | 75,1 |
| gutar: | 1,0 | 1,0 | 6,6 | 21,8 | 69,5 |

Det store fleirtalet kjenner at foreldra er nøgd med dei, 72% er heilt einig, små forskjellar mellom jenter og gutter. Dette er i samsvar med fleire spørsmål som teiknar eit bilde av ei gruppe ungdommar som har eit godt forhold til føresette. Forskjellane mellom svara frå gutter og jenter er relativt små.

Eg trur at dei fleste lærarane mine synest at eg er flink

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 2,0 | 9,6 | 24,1 | 44,7 | 19,7 |
| jenter: | 2,4 | 8,1 | 24,6 | 49,3 | 15,6 |
| gutar: | 1,5 | 11,2 | 23,3 | 39,8 | 24,0 |

Fleirtalet ligg også her på den positive sida, bra at dei trur lærarane syns dei er flinke, men 24% kryssar av på svaralternativ 0. Dette kan bety at dei ikkje veit om lærarane korkje nøgde eller misnøgde, eller at dei ikkje oppfattar kva lærarane meiner om dei. Det kan også vere resultat av eit metodeproblem, det er vanskeleg å svare generelt når det er ulike fag og lærarar. Likevel fortel svara om ein tendens: lærarane som 'signifikante andre' meiner positivt om meg. Jentene er litt meir reserverte, overvekt av gutter som trur lærarane syns dei er flinke. Kva fortel dette om sjølvbilde? Dersom ein samanliknar med ny karakterstatistikk på nasjonalt nivå ser ein at gutter presterer därlegare fagleg, og fordelinga mellom jenter og gutter burde vere omvendt her.

Eg er godt likt blant kameratar.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|-----|------|-------------|
| Totalt: | | 0,7 | 6,4 | 43,7 | 49,1 |
| jenter: | | 1,0 | 6,7 | 43,3 | 49,0 |
| gutar: | 0,5 | 6,2 | | 44,1 | 49,2 |

Dei fleste har eit positivt sjølvbilde og trur at kameratane likar dei godt. Det er ingen kjønnsforskjellar.

Foreldra mine støttar meg i vala eg må ta.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|-----|------|-------------|
| Totalt: | 0,7 | 3,4 | 5,9 | 24,0 | 65,9 |
| jenter: | 0,5 | 5,2 | 4,7 | 7,5 | 72,2 |
| gutar: | 1,0 | 1,5 | 7,1 | 31,1 | 59,2 |

Svara her er igjen ei positiv melding om eit godt forhold til foreldra. Fleire jenter melder om støtte frå foreldra. Er det slik at støtta frå foreldre er viktigare for jentene? Og at dei følgjeleg søker den meir? Eller er det slik at foreldra følger jentene meir opp? Eller har same støtta, men jentene "ser" den meir fordi den er viktigare for dei enn for gutane? Alt dette

Venene mine støttar meg i vala eg må ta.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 0,5 | 0,7 | 8,1 | 34,1 | 56,6 |
| jenter: | | 0,5 | 5,7 | 25,1 | 68,7 |
| gutar: | 1,0 | 1,0 | 10,7 | 43,7 | 43,7 |

Ungdomane som svarer melder om vener som støttar dei i valsituasjonar. Over halvparten er svært einig i at venene støttar dei i beslutningsprosessar, men ikkje like mykje som foreldra. Det kan og bety at venene ikkje er like relevante som foreldra i forhold til å trenge råd og støtte i val. Dette avheng og av kva type val dei tenkjer på, dette har vi ikkje konkret informasjon om. Informantane er i ein alder der dei snart skal ta viktige val om framtida: vidare utdanning og arbeid. Sjølv om dei lever her og no, og at ikkje desse vala er like nære, vil vi tru at dei diskuterer og har meininger om framtida. Kva andre beslutningsprosessar i ein 17-åring sitt liv? Korleis kle seg, kor mykje skal kleda koste? Skal eg ta sertifikat no eller bruke pengane på ferie? Kven skal eg vere saman med? Skal eg vere med på den turen eller? Skal eg prioritere idrett eller musikken? Skal eg kjøpe moped/motorsykkel? Fleire jenter melder om støtte frå vene, her er det store forskjellar (differanse på 25%). Dersom vi ser desse to spørsmåla under eitt, ser vi at det store fleirtalet kjenner at dei får støtte frå dei nærmaste i beslutningsprosessar. Men vi ser også at jentene i langt større grad er eining i utsegnene. Dette kan tolkast på fleire måtar; men det er nærliggande å tru at dei har eit handlingsmønster der dei søker støtte i større grad enn gutane, at dei diskuterer vala sine meir med foreldre og vene.

Eg har nok vaksne eg kan snakke fortruleg med utanom foreldra mine.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 8,8 | 11,5 | 22,7 | 24,6 | 32,4 |
| jenter: | 8,9 | 11,7 | 25,4 | 22,1 | 31,9 |
| gutar: | 8,6 | 11,2 | 19,8 | 27,4 | 33,0 |

57 prosent melder at dei har nok vaksne dei kan snakke fortruleg med, det er mange, og største gruppa av dei unge her er heilt einig i det. Gruppe som svarer at dei ikkje har nok vaksne utanom foreldre er på 20 prosent. Det er små kjønnforskjellar i svarfordelinga.

På dette spørsmålet er det viktig å sjå kven som svarer at dei ikkje har vaksne å snakke fortruleg med utanom foreldre, og dette kjem vi tilbake til.

Eg har lite kontakt med personar eg verkeleg set pris på.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 45,7 | 25,9 | 10,3 | 14,7 | 3,4 |
| jenter: | 48,6 | 25,5 | 8,0 | 15,1 | 2,8 |
| gutar: | 42,6 | 26,4 | 12,7 | 14,2 | 4,1 |

Svara på dette spørsmålet er også her på den positive sida, 72 prosent, og der er ingen forskjellar i svara frå jenter og gutter. Det er viktig å merke seg at 3-4 % som er heilt einig, det er ei sterk melding at dei ikkje har nokon rundt seg som dei likar.

Eg syns at vaksne bryr seg ... om ungdom.

| %, n = 414 | alt for lite | | | passe |
|------------|--------------|------|--|-------|
| Totalt: | 10,6 | 29,7 | | 59,0 |
| jenter: | 9,0 | 32,7 | | 57,8 |
| gutar: | 12,2 | 26,5 | | 60,2 |

Dei unge svarar at vaksne etter deira meining bryr seg passe om ungdom eller litt for lite, vi kan ikkje lese stor misnøye ut av desse tala. Svara er i samsvar med svara i spørsmåla ovanfor som går på kontakt med vaksne. Det er små kjønnsforskjellar i svara. Mange som arbeider med unge melder om bekymring for at foreldre følgjer därleg med i kva som skjer med unge, heller ikkje eigne barn har dei oversikt over. Svara frå dei unge viser at informantane våre i lita grad oppfattar problemet på same måte, fleirtalet av dei meiner at dei har nok kontakt med vaksne og at vaksne generelt bryr seg om dei.

Når eg er saman med vener, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|-----|------|-------------|
| Totalt: | 0,5 | 1,5 | 2,5 | 22,5 | 73,0 |
| jenter: | 0,5 | 1,9 | 2,6 | 24,2 | 70,6 |
| gutar: | 0,5 | 1,0 | 2,0 | 20,8 | 75,6 |

Svara tyder på at unge i stor grad kjenner seg trygge blant vene, og det er små forskjellar i svara til jentene og gutane. Når vi seinare spør om kva som er viktig for deg er det nettopp det sosiale livet med vene som er viktigaste. Koplinga mellom desse to spørsmåla fortel om ungdomar som trivst. For jentene er det å vere trygg det viktigaste, og for gutane å vere sosial. Det vil også vere viktig for dei å vere trygg med vene, og det svarar dei at dei er. I intervjuemateriale fortel jenter om at dei tykte det var ei vanskeleg periode i tida når dei gjekk på ungdomssteget i grunnskulen. Dei kjende seg usikre på kven dei var, og kva andre unge tykte om dei. Men dei same jentene hadde det mykje betre på det tidspunktet dei vart intervjuet, då var dei 17 år og gjekk andre året på vidaregåande. Dei fortalte om at mykje hadde falle på plass for dei sosialt, dei kjende seg trygge og hadde gode vene dei hadde eit svært nært forhold til. Og ikkje minst kjende dei at dei kunne vere seg sjølv i lag med andre, ei kjensle som føreset at du er trygg på kven du sjølv er?

Når eg er saman med familien min, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|-----|------|-------------|
| Totalt: | 2,0 | 3,7 | 6,6 | 18,9 | 68,9 |
| jenter: | 2,4 | 2,8 | 5,7 | 14,2 | 74,9 |
| gutar: | 1,5 | 4,6 | 7,6 | 23,9 | 62,4 |

Litt færre av dei unge kjenner at dei kan vere seg sjølv hos familien enn saman med vene, men likevel kjenner det store fleirtalet at dei kan vere seg sjølve heime. Fleire jenter enn gutter definerer seg som trygge i familien: 12 % fleire jenter som er heilt einig i at ho kan vere seg sjølv heime. Også i dette spørsmålet ser vi at jentene har eit anna forhold til foreldra enn gutane. Det er mange måtar å tolke dette på. Kva er å vere seg sjølv? Det handlar om *identitet*: samsvar mellom sjølvoppfatning og reaksjonane frå dei rundt. Det handlar om *aktivitet*: å drive med det du har lyst til. Og vidare kan det handle om *samhøyre*: å vere saman med dei du er sterkest knytt til. Svara kan gje uttrykk for at jentene har i større grad er trygge i samvere med familien. Men det kan også vere uttrykk for at tryggheit i familien er viktigare for jentene. Forskjellane er heller ikkje store, og ein skal ikkje legge for mykje i dei, men i svar samla sett ser vi i konturane av at jentene og gutane tenkjer ulikt om forhold til dei nærmere personane rundt dei.

Når eg er på skulen, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

| | | | | | |
|-------------------------|---------------------|-----------|---------------|-----------------|---------------------|
| % n = 414 Totalt: | heilt ueinig 3,2 | få 2,7 | nokre 11,0 | ein del 35,4 | heilt einig 47,8 |
|-------------------------|---------------------|-----------|---------------|-----------------|---------------------|

Det er mange færre som kjenner dei kan vere seg sjølv på skulen enn heime, likevel er det få som ikkje er trygge på skulen. Generelt er unge altså tryggaste i å få vere seg sjølv heime, nesten like trygge hos vene og litt mindre på skulen. Gutar og jenter svarar likt på å vere seg sjølv på skulen.

Forbilde

Ein viktig føresetnad for å kjenne seg trygg når du utviklar identitet er at du har førebilde. Ungdomane svarer slik på desse spørsmåla:

Kjenner du vaksne som er forbilde for deg, og er slik du sjølv kunne tenkt deg å bli i framtida?

| | | | | | |
|-------------------------|---------------|------------|---------------|-----------------|--------------|
| % n = 414 Totalt: | ingen 10,2 | få 25,2 | nokre 33,5 | ein del 24,5 | mange 6,6 |
|-------------------------|---------------|------------|---------------|-----------------|--------------|

Dei fleste svara ligg i spennet mellom få/nokre/ein del. Det er mest alvorleg for dei som ikkje har nokon, denne gruppa utgjer om lag 10%. Det er små kjønnsforskjellar i svara.

Eg har nokon som hjelper meg å utvikle meiningsane (synspunkta) mine.

| | | | | | |
|--|--------------------------------------|----------------------------|-------------------------------|---------------------------------|------------------------------------|
| % n = 414 Totalt: jenter: gutar: | heilt ueinig 13,0 12,4 13,7 | få 14,0 12,4 15,7 | nokre 26,5 22,4 31,0 | ein del 32,9 34,3 31,5 | heilt einig 13,5 18,6 8,1 |
|--|--------------------------------------|----------------------------|-------------------------------|---------------------------------|------------------------------------|

Mange plasserer svaret sitt på null, og det kan tyde på at det ikkje er så aktuelt, at det ikkje er så vanleg å tenkje i dei banar. Fleirtalet melder at dei får hjelp til å utvikle synspunkt.

Kjønnsforskjellane er interessante. Det er små forskjellar i svara til jentene og gutane til dei som ikkje har nokon som støttar dei når dei skal utvikle synspunkt og i meiningsdanning. Men om lag 10% fleire gutter seier verken/eller (0), og 13% fleire jenter melder at dei har slik hjelp. Dette er interessant når ein koplar svara mot dei andre spørsmåla om ulik type vaksenkontakt: jentene søker meir kontakt, dei kjenner seg tryggare heime (kan vere meg sjølv) enn gutane, og tykkjer dei får meir støtte enn gutane i valprosessar. Om det ikkje er store forskjellar, er det grunn til å tru at jentene har eit anna forhold til dei nære personane rundt seg, dei gjennomgåande forskjellane i svara tyder på det.

Mange skifter mening så fort at eg veit ikkje kva eg skal meine.

| | | | | | |
|--|--------------------------------------|----------------------------|-------------------------------|---------------------------------|----------------------------------|
| % n = 414 Totalt: jenter: gutar: | heilt ueinig 30,2 34,0 26,3 | få 23,9 25,9 21,7 | nokre 28,3 23,6 33,3 | ein del 12,9 12,3 16,6 | heilt einig 4,6 4,2 5,1 |
|--|--------------------------------------|----------------------------|-------------------------------|---------------------------------|----------------------------------|

Det er få som er einig i dette, og mange svarer 0. Når så mange svarer slik kan det vere eit teikn på at spørsmålet er uaktuelt for dei, eller at dei ikkje forstår kva som meinast. Dei fleste som svarar er ueining (54%). Her er største gruppa heilt ueinig.

Eg synest at foreldra mine forventar av meg.

| | | | | | |
|-------------------------|----------------------|------|------|-----|--------------------|
| % n = 414 Totalt: | alt for mykje 5,1 | 24,4 | 65,9 | 4,4 | alt for lite .2 |
|-------------------------|----------------------|------|------|-----|--------------------|

Fleirtalet av dei unge plasserer svaret sitt midt på skalaen (66%), og melder at dei tykkjer der er passeleg med forventningar frå foreldre. Men det er fleire som synest foreldra forventar litt for mykje av dei, og det er 5% som meiner foreldra forventar alt for mykje. Igjen har vi eit svar som tyder på at unge i Sogn og Fjordane jamt over har eit godt forhold til foreldra. Vi kan tolke svara som at dei at dei har passeleg med forventningar, men litt å trekke seg mot. Det er ingen forskjellar mellom gute- og jentesvar.

Eg synest at lærarane mine forventar av meg.

| | | | | | |
|-------------------------|-----------------------|------|------|-----|---------------------|
| % n = 414 Totalt: | alt for mykje 13,3 | 30,8 | 49,9 | 4,4 | alt for lite 2,0 |
|-------------------------|-----------------------|------|------|-----|---------------------|

På same måte som i spørsmålet om foreldre svarer dei at dei meiner dei møter passeleg med forventingar frå lærarar, 50% svarar det. Det er altså fleire som syns læraren forventar for mykje av dei enn på tilsvarende spørsmål om foreldre.

Slår vi saman svaralternativa passeleg og litt for mykje utgjer denne gruppa 81%, og det er små kjønnsforskjellar. Samanliknar vi svara på forventingar frå foreldre og lærarar, ser vi at dei unge kjenner større press frå lærarar enn foreldre.

Eg er i stand til å ta meir ansvar enn foreldra mine gir meg.

| | | | | | |
|-------------------------|---------------------|-----|------|------|---------------------|
| % n = 414 Totalt: | heilt ueinig 4,1 | 6,3 | 35,0 | 30,9 | heilt einig 23,6 |
|-------------------------|---------------------|-----|------|------|---------------------|

Ungdomane meiner dei kan meir ansvar enn dei får av foreldra! Koplinga mellom dette spørsmålet og svara når vi spør dei om forventingar frå foreldre er viktig. På begge spørsmåla er største gruppa plassert i svaralternativet som går på at forventingar og ansvar er passe, men mykje tydlegare passe forventingar. 54% er einig/heilt einig i at dei kan ta meir ansvar enn foreldra gjev dei. Lik fordeling mellom kjønn, tendensen til at jenter i større grad søker støtte hos foreldre finn du ikkje i dette spørsmålet. Kva meiner ungdomane at dei vil ta ansvar i forhold til? Data seier ikkje noko om det, men det er naturleg å tenkje ansvar for seg sjølv, styre dagane sjølv – ta avgjersler sjølv om det daglegdagse, planlegging og val av aktivitet. Spørsmålet kan og tolkast som ansvar for ulike oppgåver i heimen. Same korleis ein tolkar er svara ei melding om at dei meiner at dei er i stand til å ta større grad av styring over eige liv.

Eg er i stand til å ta meir ansvar enn lærarane mine gir meg.

| | | | | | |
|-------------------------|---------------------|------|------|------|---------------------|
| % n = 414 Totalt: | heilt ueinig 4,4 | 12,0 | 39,3 | 30,0 | heilt einig 14,3 |
|-------------------------|---------------------|------|------|------|---------------------|

I svara her kan vi sjå ei større grad av tvil på eigen kapasitet enn i forhold til ansvar mot foreldre. Gruppa som meiner ansvaret er passeleg og som er heilt ueinig i dette er om lag like stor, men det er færre som er heilt einig i at dei kan ta meir ansvar på skulen. Ikkje forskjellar mellom gutter og jenter, dette er noko overraskande? Resultat, aktivitetsmønster, forhold til lærarar osb. er alle faktorar som er ulike, men som vi ikkje ser igjen i dette svaret.

Eg synest samfunnet stiller for høge krav til meg.

| | | | | | |
|--------------|--------------|------|------|------|-------------|
| % n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
| Totalt: | 14,1 | 18,5 | 42,0 | 16,8 | 8,5 |

Korleis tolke dette svaret? Det er få som meiner samfunnet stiller for store krav, og største gruppa svarer 0 eit alternativ som mange svarer når spørsmålet er uklart eller mogeleg på sida av det dei har tenkt på. Det er små kjønnsforskjellar. 25% er einig i at samfunnet stiller for store krav til dei. 33% er ueinig/heilt ueinig. Det er ikkje noko som tyder på at desse ungdommane er lamma av overveldande krav 'utanfrå'.

Framtid

Brunstad (1998) finn ei todeling i synet på framtida som han kallar *næroptimisme* og *fjernpessimisme*.

Næroptimisme handlar om at ungdom har tru på og kjensle av kontroll når det gjelder privat framtid: kjærleik, helse, arbeid og spenning. Dette skaper pågangsmot og vilje til å hjelpe vene og familie.

Fjernpessimisme handlar om at unge er bekymra for arbeidsløyse, forureining og svolt. Dei opplev desse problema som fjerne og ubereknelege. Dette skaper kjensle av avmakt og apati. Det manglar ikkje på ideal, men dei er så abstrakte at de har lite påverknad på handling. Handlinga er mest basert på å tilfredsstille eigne behov. Ungdom er i liten grad politisk aktive og viser ei sviktende tillit til både demokrati, politikarar og politisk aktivitet. I nyare forsking i Makt og demokratiutgreiinga er eit funn at dei ikkje manglar politisk interesse slik som det vanlegvis vert oppfatta. Forskinga viser at interessa tek nye former og har eit anna fokus.

Men at livet på det abstrakte nivået ikkje har noko hensikt, slår i følgje Brunstad ikkje beina under kvardagslivet. Å vere likegyldig og ha ironi kan verke som forsvarsmekanisme mot mangel på kontroll over samfunnsproblem. Likevel tykkjer ungdom at det er vanskeleg å planlegge når premissane er så usikre. Dette stemmer med det Giddens (1991) seier om at i eit pluralistisk samfunn skjer mesteparten av planlegging innanfor private rammer.

Har dei tru på seg sjølv og framtida? Vet dei kva dei vil og kan? Har dei kjensle av at de har kontroll over sitt eige liv? Kva for verdiar og ideal har ungdom? I kva grad er dei interesserte i samfunnsspørsmål? Klare ungdomane å gjere noko konstruktivt med det, eller blir dei oppgitt?

Vi stiller ungdomane spørsmål om synet på framtid – om livet mitt no og framtida mi.

Eg synest at eg har kontroll over mitt eige liv.

| | | | | | |
|--------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| % n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
| Totalt: | 2,7 | 5,4 | 10,8 | 32,4 | 48,5 |
| jenter: | 4,3 | 6,2 | 13,9 | 28,7 | 46,4 |
| gutar: | 1,0 | 4,5 | 7,5 | 36,2 | 50,8 |

Det er få som ikkje meiner dei har kontroll over eige liv, 81 % er einig/heilt einig i det. Å ha kontroll på eige liv kan tolkast på ulike måtar, frå det nære (bestemme over meg sjølv i kvardagen) til det meir overordna (no og i framtida, og på ulike sider i livet – det sosiale, arbeid og utdanning). Gutane markerar at dei tenkjer meir kontroll enn jentene sjølv om

forskjellane er små: 75% jenter er einig/heilt einig i at dei har kontroll over livet, medan tilsvarende prosent hos gutane er 87%. Heller ikkje her ser vi store grupper ungdomar som ikkje har tillit til at dei kan møte utfordringane dei vil møte i livet.

Det blir som oftast noko av planane mine.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 2,5 | 6,9 | 22,1 | 45,1 | 23,5 |

69% meiner dei får realisert planane sine, og det er lite forskjell i svara frå jenter og gutter.

Eg veit kva eg vil med livet mitt.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 9,3 | 13,2 | 22,3 | 25,5 | 29,7 |
| jenter: | 11,7 | 14,4 | 19,4 | 25,8 | 29,2 |
| gutar: | 7,5 | 12,1 | 25,1 | 25,1 | 30,2 |

Svara på dette spørsmålet er viktig. 55% melder at dei veit kva dei vil med livet sitt, mot ei gruppe på 23% som er ueinig. Det bryt bildet av at mange unge er usikre på framtidta, fleirtalet av dei har klare tankar om kva dei vil med livet sitt. Vi finn ei lita overvekt på jenter som er usikre, men forskjellane er så små at dei ikkje er interessante.

Eg har tru på at eg kan realisere draumane mine.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 4,7 | 6,4 | 17,4 | 38,2 | 33,3 |
| jenter: | 5,2 | 8,6 | 13,3 | 37,6 | 35,2 |
| gutar: | 4,0 | 4,0 | 21,7 | 38,9 | 31,3 |

Svara på dette spørsmålet forsterkar bildet av ei ungdomsgruppe som med tru på framtidta og som meiner dei kan realisere draumar, 72% er heilt einig i at dei kan realisere draumane sine. Samstundes er det sterkt å vere 17-18 år og ikkje ha tru på det, her er gruppa på rundt 10%.

Eg synest at framtidta er vanskeleg å planlegg.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 6,4 | 10,6 | 18,4 | 32,4 | 32,2 |
| jenter: | 6,7 | 10,5 | 18,1 | 30,0 | 34,8 |
| gutar: | 6,1 | 10,7 | 18,8 | 35,0 | 29,4 |

Informasjonen vi får her er viktig. Samanliknar vi dette svaret med at dei svarer dei har tru på realisering av draumar, ser vi det doble i korleis ungdom tenkjer. Å ha tru på framtidta er ikkje det same som å ha eit greitt forhold til planlegging av framtidta. 65% syns det er vanskeleg å planlegge framtidta, og av desse er 32% heilt einig i utsegna. Det er små forskjellar i korleis jenter og gutter tenkjer om dette.

Eg trur eg vil finne meg ein bra jobb.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 1,0 | 2,4 | 16,6 | 39,1 | 40,8 |
| jenter: | 0,5 | 3,8 | 19,5 | 36,7 | 39,5 |
| gutar: | 1,5 | 1,0 | 13,6 | 41,7 | 42,2 |

Saman med dei andre svara om framtid, viser dette spørsmålet endå sterkare tru på framtidta; 80% trur dei vil finne ein bra jobb. Gutane har noko større tru på ein god jobb, 84 % er einig/heilt einig og tilsvarende svar hos jentene er 76%.

Eg trur eg vil få eit bra sosialt liv.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | ,2 | 2,7 | 10,7 | 32,4 | 53,9 |
| jenter: | 0 | 3,3 | 12,3 | 30,8 | 53,6 |
| gutar: | 0,5 | 2,0 | 9,0 | 34,2 | 54,3 |

86% trur dei vil få eit godt sosialt liv i framtida, og over halvparten er heilt einig. Stadfester inntrykket av at desse ungdommane ikkje har problem sosialt no (støtte frå vene, ikkje einsame), og at dei har eit grunnleggande optimistisk syn på framtida. Heller ikkje her er det forskjell i svara til jenter og gutter. Sjølv om gruppa som ikkje har tru på framtida er lita, er det alvorleg for dei det gjeld. Å tru at ein vil mislykkast sosialt i framtida har store konsekvensar.

Eg trur at fritida mi vil bli meiningsfull.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 1,5 | 3,9 | 15,9 | 33,3 | 45,5 |

Det store fleirtalet melder også her om framtidstru, 79% trur dei vil få ei meiningsfull fritid. Det er ingen kjønnsforskjellar i svara.

Eg synest eg har ... å velje mellom (yrke, livsformer, synspunkt osb).

| %, n = 414 | alt for mykje | litt for mykje | passe | litt for lite | alt for lite |
|------------|---------------|----------------|-------|---------------|--------------|
| Totalt: | 6,1 | 16,4 | 62,1 | 13,0 | 2,4 |
| jenter: | 7,6 | 20,0 | 58,1 | 12,4 | 1,9 |
| gutar: | 4,5 | 12,6 | 66,3 | 13,6 | 3,0 |

Fleirtalet av dei unge her har ei kjensle av at dei har passeleg å velje mellom med omsyn til yrke og livsformer. Samstundes er det viktig å vere open for at spørsmålet er hypotetisk for dei fleste av desse ungdomane, sjølv om dei har vore gjennom val mellom yrkesfagleg og allmennfagleg studieretning. Det er litt fleire gutter som meiner det er meir eller mindre passe å velje mellom. Jentene svarer i større grad enn gutane at det er for mykje å velje i, 28% av jentene er eining/heilt einig mot 17% av gutane.

Eg er redd for å velje feil (yrke, livsformer, synspunkt osb).

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 17,0 | 10,1 | 26,8 | 25,6 | 20,6 |
| jenter: | 9,6 | 9,1 | 25,8 | 32,1 | 23,4 |
| gutar: | 24,7 | 11,1 | 27,8 | 18,7 | 17,7 |

Vi ser ei viss uro for å gjere feil val i livet, 46% er heilt einig/einig og 27er ueinig i utsegna om at ein er redd for å velje feil. Her er det store forskjellar mellom jenter og gutter, og jentene er meir usikre. 19% av jentene er heilt ueinig/ueinig, medan tilsvarende prosent gutter er 36%. På den andre sida av skalaen finn vi at av jenter svarer 56% at dei er redd for å velje feil, medan 33% av gutter har ei slik uro. Dette er informasjon ein bør legge merke til, og er igjen med å vise ei dobbel haldning til framtida. På den eine sida har die stor tru på livsprosjektet sitt og trur dei skal lykkast både sosialt og arbeidsmessig, samtidig syns dei det er vanskeleg å gjere val og er redd for å velje feil.

Vi ser og at jentene har like stor tru på framtida, men i større grad er usikre på vala dei må gjere. Dette kan vere knytt til arbeidsmarknaden og kjønnsroller, er jentene i større grad i endring arbeidsmessig enn gutane? Vi ser at så langt har Norge eit svært tradisjonelt handlingsmønster i forhold til kjønn og val av arbeid. Jenter og gutter vel utdanning og arbeid som tidlegare, utan å bryte dei samfunnsmessige mønstra, dette på trass av ei statleg føring i å få jenter til å velje annleis. Endringane vi ser er at jenter i større grad enn før tek høgare

utdanning. Det er mogeleg at jenter kjenner press i valsituasjonen, og gjev svar som viser at dei er usikre. Ei anna forklaring handlar om at dei i større grad enn gutane er generelt usikre på eigen identitet, framtida og val som heng saman med kven dei er og kva dei har lyst til. For jentene er det å vere trygg svært viktig, det å gjere val for framtida ser ut til å bli oppfatta meir vanskeleg for jentene enn gutane.

Syn på samfunnet - nasjonalt og lokalt

Vi stiller spørsmål om dei er nøgde med det norske samfunnet, og eit lite fleirtal er ueinig/heilt ueinig 40% i at dei er nøgde med det norske samfunnet, dei som er einig/heilt einig utgjer ei gruppe på 30%.

Når vi stiller spørsmål om nasjonal identitet, om dei er stolt over å vere norsk, svarer langt fleire at dei er einig i det.

Eg er stolt over å vere norsk

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 3,9 | 6,1 | 16,7 | 21,6 | 51,7 |
| jenter: | 3,8 | 7,7 | 19,1 | 25,8 | 43,5 |
| gutar: | 4,0 | 4,5 | 14,1 | 17,1 | 60,3 |

Dei er i stor grad stolte over å vere norske, over halvparten er heilt eining i dette. Men det er stor forskjell på jentene og gutane på dette spørsmålet, gutane er meir udelt einig (differanse 17%). Jentene har sannsynlegvis verdiar som gjer at dei ikkje er like stolte av å vere norske som gutane. Det er interessant å sjå at den samla i større grad er stolte over å vere norske, men ikkje så nøgde med det norske samfunnet. Når vi spør dei om Sogn og Fjordane identiteten deira, om die er stolte over å vere frå dette fylket, svarar dei om lag på same måten.

Eg er stolt over å vere frå Sogn og Fjordane

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 5,4 | 5,4 | 20,9 | 20,9 | 47,4 |
| jenter: | 2,9 | 6,7 | 24,9 | 23,0 | 42,6 |
| gutar: | 8,1 | 4,0 | 16,7 | 18,7 | 52,5 |

Fleirtalet seier dei er stolte over å vere frå Sogn og Fjordane. Men også her er gutane meir einig, fleire jenter svarer 0, det er nærliggande å tru at dei er blanda i desse kjenslene eller at dei ikkje har tenkt så mykje på det.

Eg synest det blir gjort for lite for ungdom.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 0,7 | 5,2 | 21,9 | 33,2 | 39,1 |
| jenter: | 0 | 5,3 | 23,6 | 37,5 | 33,7 |
| gutar: | 1,5 | 5,0 | 20,1 | 28,6 | 39,1 |

Vi får dei klar melding om at unge, 68%, syns det blir gjort for lite for ungdom. 6% er ueinig. Gutane meiner noko grad sterkare at det blir gjort for lite.

Eg har lag og foreiningar i nærleiken der eg har lyst å vere med.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 20,5 | 18,8 | 25,4 | 21,5 | 13,9 |
| jenter: | 19,7 | 21,6 | 21,6 | 22,5 | 14,6 |
| gutar: | 21,3 | 15,7 | 29,4 | 20,3 | 13,2 |

Det er om lag like mange som melder dei har udekka behov enn dei som ikkje gjere det (39% mot 35 %), og det er små kjønnsforskjellar. Men nesten 40% som ikkje har lag eller foreiningar å vere med i der dei bur er ei stor gruppe, spesielt med tanke på at dei jamt over har få andre arenaer å vere saman med jamaldringar i her i fylket.

Vi spør dei unge om dei trur dei kan vere med å skape ei meir positiv utvikling i verden, både i nærmiljøet, Norge og i verden generelt. Svara gjev ikkje noko tydeleg inntrykk av eit sterkt samfunnsengasjement, men heller ikkje det motsette. Ei tolking er at dei ikkje tenkjer mykje på dette. Når vi følgjer opp med spørsmål om dei kjenner avmakt i forhold til ei samfunnsutvikling, plasserer dei fleste svaret sitt midt på skalaen.

Eg kjenner ofte avmakt i forhold til korleis verden utviklar seg.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|-----|------|------|-------------|
| Totalt: | 3,9 | 7,1 | 40,9 | 24,1 | 23,6 |
| jenter | 2,4 | 7,1 | 33,8 | 27,1 | 29,0 |
| gutar | 5,6 | 7,1 | 48,5 | 20,9 | 17,9 |

41% plasserer svara sine midt på skalaen, det er kanskje ikkje ei problemstilling dei tenkjer mykje på, og det er fleire gutar som gjev det svaret. Vi ser at 11% av heile gruppa er ueinig, medan 48% er einig eller heilt einig. Det er langt fleire jenter som meiner dei kjenner avmakt i forhold til verdssituasjonen, gruppa jenter som er einig/heilt einig er på 56%, same gruppa med gutar er 39 (differanse 17%). Jentene kjenner større grad av avmakt i forhold til gutane, men det er ikkje forskjell i svara på om dei trur dei kan vere med å skape ei meir positiv samfunnsutvikling.

Når vi spør dei om tankane deira om dette påverkar dei dagleg fordelar dei som er eining eller ueining likt, om lag 30% på kvar side av skalaen.

Til dagleg blir eg lite påverka av tankar om samfunns-/verdsproblem.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 11,7 | 24,4 | 30,0 | 21,8 | 11,7 |
| jenter: | 14,2 | 29,2 | 31,1 | 18,4 | 7,1 |
| gutar: | 9,1 | 19,3 | 29,4 | 25,4 | 16,8 |

Dersom vi ser på korleis svara er fordelt på kjønn, ser vi at jentene melder om at dei i større grad meiner å vere påverka av tankar om samfunns- og verdsproblem. I jentegruppa er 43% av dei heilt ueinig/ueinig i at dei vert lite påverka, medan tilsvarande tal hos gutane er 28% (differanse 15 %). Gruppa jenter som er einig/heilt einig er 26%, medan tilsvarande tal på gutane er 42% (differanse 17%). Det er samsvar mellom dei to spørsmåla som handlar om korleis dei ser på om det mogeleg for dei å påverke sin eigen livssituasjonen i eit samfunn. På begge ser vi at jentene meiner å kjenne avmakt og at dette i større grad enn gutane påverkar dei i det daglege. Kva slags grupper jenter har vi her? Er det dei ”flinke” og bevisste vi møter i desse svara? Dei vaksne informantane fortel om jenter som er samfunnsengasjerte, og som møter veggen på ulike måtar.

Sjølvtillit og sjølvrealisering

Å kjenne livsmeining er nært knytt til korleis du der på deg sjølv. Vi stiller spørsmål om dei er nøgde med seg sjølv, og om dei får bruke seg sjølve, det dei er flinke til, i daglege aktivitetar.

Eg er nøgd med meg sjølv.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 3,7 | 13,3 | 18,8 | 37,5 | 26,7 |
| jenter: | 5,8 | 18,8 | 25,5 | 33,2 | 16,8 |
| gutar: | 1,5 | 7,6 | 11,7 | 42,1 | 37,1 |

64% er fornøgde med seg sjølve. Men det er store kjønnsforskjellar, gutane i langt større grad nøgde med seg sjølv enn jentene. Hos jentene er 25% heilt ueinig/ueinig i at dei er nøgde med seg sjølve, tilsvarende tal for gutane er 9%. På den andre sida av skalaen er 50% av jentene einig i å vere nøgd med seg sjølv, medan tilsvarende svar hos gutane er på 79%. Fleirtalet er altså nøgde med seg sjølve, og her er talet på gutar stort, og dette er viktig for framdrift og livskraft. Korleis forklarer vi så store kjønnsforskjellar, og kva er konsekvensane? Også når vi spør dei om dei får brukt seg sjølve er jentene meir negative.

Eg har kjensle av at eg brukar og utviklar talenta mine i aktivitetar eg driv på med.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 4,7 | 7,3 | 20,9 | 22,7 | 16,6 |
| jenter: | 5,7 | 15,3 | 33,0 | 29,2 | 16,7 |
| gutar: | 3,6 | 5,1 | 26,4 | 34,5 | 30,5 |

Gruppa som er heilt ueinig/ueining utgjer 15%, dei som er einig/heilt einig 39%. Igjen ser vi eit positivt bildet, og slik sett samsvarar det med spørsmåla før. Men jentene er i større grad heilt ueinig/ueinig 21%, gutar 9%. På svaralternativa eining/heilt eining svarer jentene 46% og gutane 65% (differanse 19%). Dette er viktig, og tolkingane er sjølv sagt fleire:
at gutane faktisk har meir å drive med som passar det dei meiner vere gode på,
at jentene generelt er meir kritiske til seg sjølve, at gutane ser lysare på livet, at dei har større tru på at det ordnar seg, at jentene får mindre tilbakemelding på at dei har talent og er flinke til noko, eller at dei ikkje tek det til seg på same måte som gutane. Bildet er med andre ord komplisert, men svara er så gjennomgåande at ein må ta omsyn til dei enten ein er lærar, politikar eller byråkrat.

Fokus på kropp og seksualitet

Dei som arbeider med unge registerer at ungdomskultur i dag spelar mykje på sex mellom anna i forhold til klessdrakt og åtferd. Dette kan gje signal om at dei er frie og opne i forhold til kropp og seksualitet. Men samstundes ser vi at dei slett ikkje er så frie i forhold til kropp og sjølvbilde. Lærarar i kropssøving på vidaregåande skule fortel om jenter som ikkje vil ha kropssøving av psykiske årsaker, dei klarer ikkje å kle av seg saman med andre. Dei ser flotte jenter som elles går rundt halvnakne i gangane på skulen, men klarer ikkje kle av seg og dusje saman med andre, og badar i shorts og t-skjorte.

På helsestasjon møter dei stadig yngre som treng prevensjon. Klessmote, media og ungdomsblad normaliserer låg seksualdebut. Unge treng alternative signal som viser at det finst alternativ, at ein ikkje er unormal om ein er jomfru ved 16 år.

Jentene har fullstendig oversikt over kaloriar og kva dei skal ete, og helsearbeidarar opplever dei som ekstremt opptekne av å vere tynne. Dei stiller enormt store krav til seg sjølve. Dei vert fort ramma av å bli utstøtte frå fellesskapet i forhold sex. Helsepersonell meiner at det er framleis slik at guitar kan ha sex når dei vil og med kven dei vil, og at hyppig sexpartnarskifte tyder på popularitet. Men er du jente og gjere det same er du ”hore”. Dei seier det er definitivt det farlegaste du kan gjere forhold til å det å bli stempla som ”laus på tråden”. På den eine sida skal du vere frigjort seksuelt, og på den andre sida skal du ha høg moral for ikkje å bli stemplet som lausaktig. Dette vert også drøfta i punktet om jenter og identitet.

Intervjuet helsepersonell underviser guitar om seksualitet, først og fremst kondombruk og haldningar. Dei er rimelig trygge på kvarandre. Unge kan snakke ganske fritt og ope om dei mest intime ting. Dei tør å ta opp tema som berre for 20 år sidan var heilt utenkeleg. Dei er trygge på seg sjølve og kameratane. På den andre sida uttrykkjer dei ei form for usikkerheit og nysgjerrigkeit omkring dei andre sine erfaringar, har dei meir erfaring enn meg? Helsepersonell meiner at guitar i større grad enn ein trur har vene dei kan snakke med om intime sider i livet. Det er ikkje opplagt at guitar ikkje snakkar med guitar. Kor mykje dei seier vet ein ikkje, men dei unge gutane *opplever* at dei har ein ven dei kan snakke med.

Å kjede seg

Det er mange unge som seier at dei kjedar seg. Er du observatør i ein skulekvardag på ein vidaregåande skule i Noreg i dag, er dette slående. Opplevinga av manglande energi, manglande glede og inspirasjon er vanleg. Det er vel ikkje akkurat kraft og energi og glede som er kjenneteiknet på skulearbeidet for mange elevar. Forsking viser at dette er ein viktig del av kritikken av skulen, men sjølv sagt er ikkje dette eit eintydig bilde. Sjølv om unge ofte kjedar seg, har dei mange spennande opplevingar på skulen. (Grepperud 2000). Å kjede seg – i alle fall i delar av skuletida, har dei fleste gjort, og kanskje derfor ser vi på det som noko som berre er sånn. Så stiller vi spørsmål *må det vere sånn? Kvifor skapar vi ikkje ein situasjon der fleire gledar seg over kunnskap og læring?* Det er jo så vanleg, nærmast noko naturgitt, noko som ikkje er noko å gjere noko med. Dette er kompliserte spørsmål som sjølv sagt er knytt til arbeidsformer i skulen, men også kulturelle og sosiale føringar og ungdomskultur i samfunnet vårt (Stafseng 2000). Det handlar om undervising som ikkje treff unge korkje i form eller innhald. Differensiert tilpassing er eit av styresmakter og skular sine svar på å finne arbeidsformer som fungerer, at ein skal byggje på den einskilde eleven sine emne og interesser. Dei unge vil ha variasjon i arbeidsformene, dei vil ha med å bestemme, dei vil vere aktive og deltakande, dei vil ut av klasserommet og inn i verda (Grepperud 2000:15). Kjedsemda er altså knytt til arbeidsformer, men også til at faga manglar relevans for dei. Skulen gjev stadig mindre rom for eigne val, og går i retning av å bli meir teoretisk.

Forskarar viser også korleis ein manglar ei brei og grunnleggande forståing av ungdomskultur i vår tid er, og korleis manglande kunnskap om det gjer at ein ikkje maktar å tenkje nytt og skape ein framtdsretta skule (Stafseng 2000:154). Han hevdar at dei brukar stadig meir tid på skulen som betyr mindre for utviklinga deira. Skulen er ein arena der fellesskap i jamnaldergruppa betyr svært mykje for identitetsutvikling og sjølvtillet.

Så der sit dei uinspirerte ungdomane, kviknar fyrst til når det nærmar seg fritidsaktivitetar. Vi ser jentene på 17 år ein laurdag ettermiddag før dei skal på fest. Energinivået er høgt, og det liknar ikkje akkurat mykje på stemninga i skulesituasjonen. Sameleis med gutane i ballbingen eller skateboardsrampa. Mens ein gut kan heilt utslått etter eit kvarters skulearbeid, kan

same guten stå åtte timar i ein skibakke og vere like full av glede og pågangsmot (Bringedal 2002).

Å kjede seg opplevast som ei form for rastløyse, ei kjensle av at det må ”skje noko”. Ungdomar overalt uttrykkjer at det ikkje skjer nok spennande ting der dei er, i livet deira, på staden der dei bur, i venegjengen.

I intervju snakkar ungdomane mykje om at dei ønskjer det skal skje meir spennande i livet deira. Og ofta er ønska knytt til sterke opplevelingar, det som er spennande og fylt med ’action’. Det handlar om fart, musikk og fest. Å køre fort med bil, å høyre høg musikk og drikke mykje når ein er på fest, er døme på aktivitetar som kompenserer for det å kjede seg.

Nokre data fortel oss om ei utvikling som går i retning av at ein er vellykka når ein ikkje kjedar seg (Bringedal 2002). Det doble ligg i det at ungdom òg kan meine det er tøft å tykkje at alt er kjedeleg. Brunstad (2000) hevdar at keisemd er ein passiv måte å kritisere samfunnet på. Å vere likegyldig er som ein protest. Og protesten er nødvendig for å få endringar i samfunnet. Baksida er at ungdomane blir meir sårbar. Gamle strukturer mister krafta si utan at nye med ein gong veks fram. Såpe og dataspel fyller tomrommet. Andre forskrarar seier at musikk og sport og kan ha ein funksjon i å fylle eit tomrom (Drotner 1991).

Å kjede seg er eit vanleg utsegn eller vanleg tema hos ungdom. Men det er ikkje eintydig kva det betyr. Det dekker eit vidt spekter av kjensler, frå ei meir overflatisk kjensle av rastløyse til ei djupare kjensle av livet er tomt – det eksistensielle. Andre gongar er det berre nok ein seier, ein talemåte utan at ein meiner så mykje med det. Keisemd fortel mykje om viktige sider ved livet til ungdom. Å kjede seg og meinings er nært knytt saman. Når ein opplever ein situasjon som kjedeleg, er det enten sånn at meiningsa er uklar for den som er i situasjonen. Den gir ikkje klar meinings som at det er nyttig, nødvendig, stimulerande eller gjevande.

Eller situasjonen opplevast som meiningslaus eller meiningsstom, det einaste som gjeld er å holde ut dersom ein ikkje kan kome seg ut. Her kan ein kjedeleg situasjon ha ei klar meinings for individet, men ser på det ein gjere på som eit nødvendig vonde. I det siste er det nødvendig å underordne seg i situasjonen. Individet godtar at noko ”må” vere kjedeleg, og har ein plass i ein overordna meiningssamanhang.

Mange vaksne hevdar at stadig aktivitet ikkje er bra for barn, og den moderne organiseringa av dagleglivet blir kritisert for å vere overfylt av aktivitetar. Ideen som ligg under her er at barn har godt å kjede seg, på den måten lærer dei seg å aktivisere seg sjølv.

Det er altså vanleg å skilje mellom to måtar å kjede seg på:

- Å kjede seg i ein bestemt situasjon (situativ keisemd)
- Å ei djupare keisemd i forhold til det å vere til (eksistensiell keisemd)

Ein time på skulen kan vere kjedeleg, men det er ei kjensle som går over og ikkje går særleg djupt inn. Situativ keisemd handlar om ein psykologisk sett grunnare kjensle av tomheit enn det ein opplever med eksistensiell keisemd. Kjensle av avmakt blir større når keisemda er knytt til spørsmål om å vere til. Avmakt kan vi då forstå som at individet ikkje maktar å ta hand om situasjonen og for å gjere det lettare å holde ut, eller å gjere situasjonen meir inspirerande. Individet manglar eit avgjerande fundament for å ha makt over situasjonen. (Bringedal 2003:329)

Aktivisering er ein måte å unngå å kjede seg, og på byggjer på tanken om at keisemda kviler på forståinga av at den alltid er knytt til situasjon. Ein kan unngå det kjedelege ved ”å finne på noko”. Dette er det mange som fungerer på når dei skreiv stilane sine. Det å kjede seg mest knytt til bestemte situasjonar, og ikkje særleg djuptgåande kjensler. Og mange vil hevde at ein *skal* kjede seg, at ein må tåle å kjede seg elles blir livet ei evig jakt for å døyve kjensla.

Karakteristikken kjedeleg blir altså brukt om eit stort spekter av sinnstemningar. Dette er vanskeleg i forhold til å tolke ungdom si rapportering av korleis dei opplever keisemd. Kjedeleg kan til dømes bety trist, at når ein seier eg kjedar meg betyr det eg er trist.

Ungdommane vi møter i denne undersøkinga har refleksjonar som fortel mykje om keisemd som ein viktig del av det å vere ung. Stilskrivarane uttrykkjer ei dobbelt kjensle, både ikkje å strekke til, men og ei form for å ”kjede seg” fordi dei ikkje meistrar det dei skal gjere, og at det av den grunn ikkje blir kjekt nok, interessant nok eller meiningsfullt nok. Sitata viser det som er kjenneteikn for alle typar keisemd. Å kjede seg er eit vagt, uspesifikt omgrep. Det uttrykkjer ei stemning ein er i, ikkje ein objektiv situasjon. Men det er ikkje vanskeleg å finne situasjonar dei fleste er einige om er einige om at dette er kjedeleg:

” Eg må berre sitje der og kan ikkje forlate klasserommet.”

” Viss ein kjedar seg på skulen er det lite eller ingenting ein kan gjere med det.”

Brunstad (1998) hevdar at keisemd kan gje makt. Det store geispen er elevane sitt maktmiddel i forhold til elevane. Geispen demonstrerer motmakt og læraren kan bli makteslaus. Sitata uttrykkjer at det dreier seg om å ikkje ha makt over situasjonen. Du må berre bli sitjande, enten du likar det eller ikkje.

Vakseninformantar i undersøkinga hevdar at interessa unge har for skule, og trivselen på skule er ein nøkkel for å skape mening i tilverke. Nokre er lite interessert i skule, deltek lite i organiserte aktivitetar, er generelt lite aktive.

Lærarar meiner at ein kan ein sjå tydelege samanhengar mellom arbeid og innsats på skulen, og korleis dei unge ser mening i aktivitetane på skulen. Dei som ikkje ser mening i det satsar heller ikkje på skulen. For nokre er ikkje skulekvardagen bra, dei får ikkje utbyte av det, dei opplever berre å mislykkast stadig vekk, og dei forstår ikkje kva som blir sagt. Fritida blir i staden det viktigaste. Dei startar allereie mandag å planlegge helga i detalj med festar og aktivitetar. For ein lærar er det ikkje berre å ha noko interessant og fengande å tilby dei i skuletida. Det krev meir å fange interessa og merksemda deira, og lærarar oppfattar det som vanskeleg å nå dei. Dei har dårlegare føresetnadnar heiman frå for å takle skulekvardagen. Dei tek ikkje stilling i diskusjonar. De opnar seg ikkje, vil ikkje vite, og vert oppfatta som likegyldige. (Lærar på vidaregåande, intervju)

Lærarar hevdar at ein ser eit skilje i bakgrunn, og nokre manglar klare strukturer som dei kan bruke til å ’sjå verden’. Verdiar er ikkje tydelege og desse gruppene med unge skjønar ikkje kva spørsmåla gjeld. De er ikkje kristne, det er det dei heilt klart veit dei ikkje er. Lærar meiner å sjå at dei manglar eit verdigrunnlag, at dei opererer i ei lita verd når det gjelder verdiar.

Kjenner ungdom i Sogn og Fjordane at dei kan utvikle seg sjølve og fylle tida meiningsfylt eller kjedar dei seg?

Eg synest at livet er kjedelig.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 29,8 | 31,3 | 18,3 | 14,4 | 6,1 |
| jenter: | 32,1 | 30,7 | 18,4 | 13,7 | 5,2 |
| gutar: | 27,4 | 32,0 | 18,3 | 15,2 | 7,1 |

Generelt er det ikkje mange som svarar at dei kjedar seg! 63 % er ueinige i at livet er kjedeleg, 21% syns at livet er kjedeleg. Men det er forskjell på at å kjenne at *livet er kjedeleg* og å *kjede seg*. Det er interessant at det ikkje er kjønnsforskjellar i svara. Undersøkinga burde stilt spørsmål heilt konkret om dei syns at skulen er kjedeleg, men det manglar. Neste spørsmålet dekker temaet, men er formulert meir generelt.

Eg brukar mykje tid på ting eg eigentlig ikkje ser vitsen i.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 17,8 | 20,7 | 23,4 | 23,7 | 14,4 |

Svar fordeler seg likt på begge sider av skalaen (ueinig 39% og 38%), og gjev ikkje eit bilde av mange som gjere ting som er meiningslause for dei. Heller ikkje her er det forskjell i svara til jenter og gutter.

Mange av dei tinga eg held på med set farge på livet mitt.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|--------|---------|---------|-------------|
| Totalt: | 1,7 | 5,7 | 20,7 | 35,0 | 36,9 |
| jenter: | ♀: 1,0 | ♀: 5,7 | ♀: 21,4 | ♀: 31,4 | ♀: 40,5 |
| gutar: | ♂: 2,6 | ♂: 5,6 | ♂: 19,9 | ♂: 38,8 | ♂: 33,2 |

Det store fleirtalet i ungdomsgruppa som svarer her, 72 %, meiner dei har noko artig å drive på med. Dei fleste er heilt einig. Det er ikkje svar som viser ei ungdomsgruppe som har problem med at dei ikkje får nok impulsar som gjev pågangsmot og livskraft. Det er små kjønnsforskjellar i svara.

Å vere lei seg

Ei sentral side ved ungdomskultur og endring, er ei kjensle av å vere trist og lei. Det er ei naturleg side av det å vere ung i dag utan at det er problematisk, men det kan også vere eit teikn på alvorlegare problem hos dei unge som slit.

Eg er ofte lei meg og trist.

| %, n = 414 | heilt ueinig | | | | heilt einig |
|------------|--------------|------|------|------|-------------|
| Totalt: | 37,0 | 26,7 | 21,5 | 9,4 | 5,4 |
| jenter: | 28,8 | 25,0 | 26,9 | 11,1 | 8,2 |
| gutar: | 45,7 | 28,4 | 15,7 | 7,6 | 2,5 |

15% er einig eller heilt einig i at dei ofte er triste og lei seg, den største gruppa (37%) er på den andre ytterkanten (heilt ueinig). Svaret viser at det ikkje er samsvar med det generelle bildet om at mange kjenner mismot, 64% er ueinig. Det er ei stort overvekt av gutane som er heilt ueinig i utsegna om at dei er ofte trist og lei seg, 25 % differanse mellom gutter og jenter. Mange fleire jenter svarar at dei er lei seg og trist. Dette kan vere ei stadfesting av infromasjonen vi får i intervjua. Dei vaksne som arbeide med ungdom oppfattar det som at

stadig fleire slit med at dei er triste, og mange av dei er jenter, gjerne jenter dei ser som vellykka og flinke.

Når vi stiller spørsmål om korleis dei handterar livet når dei er trist og leis seg, svarar dei unge slik:

Dersom eg er lei meg og trist, så brukar eg oftast å:

| | | | |
|--------|--|------------------|-----------------|
| 50,6 % | vente og sjå kva som skjer | Jenter: 48,6 (2) | Gutar: 52,8 (1) |
| 47,2 % | holde det for meg sjølv | Jenter: 46,7 (3) | Gutar: 47,7 (2) |
| 35,8 % | Spørje om å få hjelp av vener | Jenter: 52,8 (1) | Gutar: 17,6 (3) |
| 20,9 % | Spørje om å få hjelp av foreldre | Jenter: 31,1 (4) | Gutar: 10,1 (4) |
| 1,0 % | Spørje om å få hjelp på skulen | Jenter: 1,4 (6) | Gutar: 0,5 (6) |
| 8,8 % | Anna, kva? (Som regel handlar det her om å bruke kjærasten.) | Jenter: 12,7 (5) | Gutar: 4,5 (5) |

Handlingsmønsteret til halvparten er at dei som regel ikkje gjer noko aktivt når dei er triste og leie. At det er flest som ventar og held det for seg sjølv er ikkje overraskande. Deretter spør dei vener eller foreldre, eventuelt andre (som regel kjærasten). Skulen er heilt uaktuell i slike spørsmål. Det er ikkje forskjell på jentene og gutane i kor mange som ventar og ser og som held det for seg sjølv. Men den store forskjellen finn vi i at jentene i langt større grad spør om å få hjelp med vene – 53% mot 18% av gutane. Jentene vender seg i langt større grad mot foreldra med slike spørsmål enn det gutane gjere. Det er samsvar i desse svara i forhold til tidlegare spørsmål om vaksenkontakt (inkludert forskjellane mellom jenter og gutter).

Dersom eg ikkje veit korleis eg skal løyse eit problem, så brukar eg oftast å:

| | | | |
|------------|----------------------------------|------------------|-----------------|
| 39,2 % (3) | vente og sjå kva som skjer | Jenter: 35,4 (3) | Gutar: 43,2 (2) |
| 21,7 % (4) | holde det for meg sjølv | Jenter: 20,8 (4) | Gutar: 22,6 (4) |
| 65,9 % (1) | Spørje om å få hjelp av vene | Jenter: 79,2 (1) | Gutar: 51,8 (1) |
| 51,1 % (2) | Spørje om å få hjelp av foreldre | Jenter: 62,3 (2) | Gutar: 39,2 (3) |
| 12,2 % (5) | Spørje om å få hjelp på skulen | Jenter: 9,4 (5) | Gutar: 12,2 (5) |
| 7,1 % (6) | Anna, kva? (kjærasten) | Jenter: 7,5 (6) | Gutar: 6,5 (6) |

Dette er spennande informasjon, spesielt når ein ser kor ulikt gutter og jenter samhandlar med andre. Når dei er nedstemte er det meir ei sak ein held for seg sjølv, spesielt gutane, med konkrete problem er det fyrst og fremst dei nærist vene og foreldre ein nyttar. Skulen spelar ikkje noko rolle verken å vere til hjelp/støtte eller som problemløysar (noko meir med konkrete problem). Igjen ser vi at jentene i langt større grad enn gutane nyttar vene å diskutere med, både det å vere trist og lei og meir konkrete problem. Forholdet til foreldra skil seg også stort i dette spørsmålet, jentene brukar foreldra i langt større grad enn gutane. Det er eit særtrekk for gutane at dei i større grad venter og ser kva som skjer.

Unge som slit

Så langt har vi fokusert på at unge i Sogn og Fjordane meiner å ha det bra, med meiningsfulle aktivitetar og tillit til at dei vil lykkast i livet. Men vi ser samstundes ei gruppe som ikkje deler trua på framtida, og som heller ikkje har det like bra i kvardagen. Intervjuia med dei vaksne tematiserer dette. Kva kjenneteiknar dei ulike gruppene som slit, kva veit vi om dei og kva er omfanget på problem hos unge i fylket.

Når ein lege skildrar denne problematikken, tek han opp at det er ei samansett gruppe. Det kan vere barn som har opplevd ulike former for omsorgssvikt. Ei fasade har helde alt i hop, men så kjem dei i ungdomsåra, og då raknar fasaden i forhold til utprøving av grenser i forhold til rus, seksualitet. Det kan ofte ligge overgrep eller ei anna form for omsorgsvikt bak.

På den andre sida ser ein dei flinke jentene frå resurssterke heimar som krev mykje av seg sjølve. Det er ikkje berre dei sjølve som krev, sannsynlegvis ligg det krav frå foreldre, kanskje uuttala, om at dette må du bare klare, dette er forventa av deg (lege, intervju).

Dei som ikkje meistrar utfordringane i oppveksten, er prega av eit negativt sjølvbilde og manglar sjølvtillit. Dei har ein passiv livsstil og står på utsida av fysisk, kulturell og politisk aktivitet. (Befring 2004).

Marginalisering

Vi ser marginalisering som prosessar som dreiar seg om val ein gjere får følgjer som mange oppfattar som uheldige. Konkret handlar desse uheldige følgjene om at ein glir ut av viktige sosiale arenaer, og inn i risikosoner eller uheldige livsløp. (Heggen m.fl. 2003)

Det er viktig å ta tak i problem knytt til det å finne livsmeining. Forskinga som er referert til ovanfor, er knytt til kunnskap om psykologiske funksjonar, men ser det og som ein kulturell funksjon. Trekk i ungdomskulturen er med å påverke korleis ungdom definerer kva som er viktig for dei. Kvardagsaktivitetane, både fritid og arbeid (skule) må vere meiningsfulle.

Når vi utforma spørsmåla i den kvantitative delen av undersøking, er mange av tema spegla i denne forståinga av livsmeining.

Personar som arbeider med ungdom som har problem, ser at skulen slit med å definere kor vidt dei har ansvar og kva det eventuelt skal bestå i. Nokre som arbeider i skulen er opptekne av å ikkje vere sosialarbeidarar. Men for andre som har ansvar for ungdom med problem er det slik at det er skulen som er i posisjon, det er dei som kjenner desse ungdomane og blir kjent med problema ungdomane har. Skulen kan ikkje ta seg av unge med problem åleine, men må ta sin del av det. Dei som arbeider med unge elles ønskjer at skulen skal våge å stille spørsmål og møte problema til dei unge. Det er viktig å lese kodane i forhold til omgangstonen til unge med åferdsproblem. Sjølv om ungdom inviterer til ein fleipete omgangstone er det ikkje sikkert det er det de vil ha. Det blir sett på som viktig at lærarar og vaksne er vaksne og tek opp saker, og det skal vere et skilje mellom ungdom og vaksne, og her er det vaksengenerasjonen som må ta ansvar. Samhandling er viktig og nødvendig. Vaksne må vere tydelege, for dersom ungdom sjølve er usikre og ikkje finner tryggleiken hos dei vaksne, må de søke den hos jamaldrande. Dette er ikkje bra for ungdom som høyrer til i eit miljø som er kjenneteikna av problemåtferd.

Unge stiller store krav til seg sjølve og har store framtdsdraumar. Draumen er ikkje lenger å reise til Bergen eller Oslo. No må ein reise til Australia for å gjere noko spesielt og interessant. Det kan vere eit utgangspunkt når vi ser på den gruppa som strevar med livet sitt. Som vi har sett er har fleirtalet av unge i fylket godt, og kjenner ikkje kvardagen som problematisk full av krav frå omverda. Dei trivst i samvere med vener, har aktivitetar å drive med som er meiningsfulle og har vaksne rundt seg.

Men for ei gruppe ungdomar er ikkje livet like lett. Vaksne som arbeider med unge meiner at forventingane er store. Dei møter høge krav, og dei medieskapte idealene er høge. Sannsynlegvis er det store forskjellar internt i gruppa med ungdomar som slit. Vi finn dei alt frå dei vellykka jentene til gutane som rusrar seg og ikkje deltek på skulen i særleg grad.

Vidare her skal vi systematisere korleis eit utval vaksne som arbeider med ungdom i Sogn og Fjordane ser ungdomsgruppa som har problem, først og fremst kva som kjenneteiknar dei og endringar i ungdomsgruppa som har problem. Vi samanliknar dette svara frå dei unge i den kvantitative delen av undersøkinga.

Ein av dei vaksne beskriv dei vellykka jentene på denne måten:

"Eg ser livstrøtte jenter, jenter som slit med å vere på topp, som er veldig pene, flinke på skulen, har mange venner, sit i ungdomspolitiske utval, er aktive i elevråd, er med på mange ting, som markerer seg veldig. Men som er veldig deprimerte og slitne av å vere oppe og sjå bra ut heile tida." (Sitat frå intervju med helsesøster)

Felles for alle dei vaksne informantane er at dei ser eit aukande problem for jenter som stiller for store krav til seg sjølv. Tala i datamaterialet tyder på det er ei overvekt av jenter som kjenner generell mistrivsel. Det ser ut som det i stor grad knytt til deira eigen sjølvtillit.

Dei vaksne sine syn på omfang og nokre kjenneteikn på problema

I intervjuet med vaksne som arbeider med ungdom spør vi om omfang på problemet slik dei ser det, kva som kjenneteiknar problema dei ulike gruppene med unge har og endringar over tid. Informantane finn det vanskeleg å vere fullt ut presise. Svara deira er kjenneteikna av at dei presiserer at dei ikkje har nok kunnskap om dette, men at dei har inntrykk av bestemte utviklingstrekk.

Ei helsesøster sitt anslag er at det handlar om ei gruppa på om lag 10% til 20%, utan at ho er sikker på denne kvantifiseringa. Gruppa av ungdom som har eit har definert problem og som har åtferdsvanskår aukar, dette kan ein sjå på statistikken til barne- og ungdomspsykiatrien. Frå 2000 til 2001 hadde dei i fylket ei auke på 60% i saker der det handlar om omplassering av born og ungdom.

I ein gjennomgang av nyare forsking på born med åtferdsvanskår er det langt fleire gutter enn jenter i gruppa som er tilvist til Barne- og ungdomspsykiatriske tenester: 4236 gutter og 1481 (Andersen 2002:2 etter Mørch et.al 2003). Men forsking er ikkje eintydig i kva som er forskjell mellom kjønna.

Vaksne som arbeider med unge ser ei aukande gruppe ungdom som sitter heime, og er einsame. Nokre slit med sjølvordstankar. Foreldra er ofte bekymra, men når ikkje inn til barna. Ungdomsarbeidarar vurderer krava samfunnet stiller til ein ungdom på femten år som formidable. Kva består ein dag av, ei uke, kor mykje tid har dei unge for seg sjølv, og kor mykje tid har dei saman med foreldra sine? Dei vakne som kjenner dei unge meiner dei har for liten vaksenkontakt, men unge svarer at dei har nok kontakt med vaksne. Heller ikkje gruppa som kjenner seg ofte trist og lei gjev uttrykk for problem med forholdet dei har til vaksne. Men vi ser tydeleg at det handlar om problem dei har med eige sjølvbilde. Fleire av dei profesjonelle peikar på at vaksenkontakta er ein grunnstein for å utvikla eit godt sjølvbilde.

Fleire av dei intervjua med dei vaksne informantane peiker i retning av at unge som slit aukar i omfang, men at det er vanskeleg å seie. Vi er i dag meir opne om spørsmål knytt til det å ha psykiske problem, og det gjere problema meir synlege. Ei helsesøster har røynsle med at unge i dag er flinkare til å ta opp problem og setje ord på ting dei opplever. Men dette betyr ikkje nødvendigvis at dei har sjølvvinnslit i kva dei slit med. Ofte kjem dei med diffuse problem til helsestasjonen, at dei til dømes har vondt i magen. Andre har tydelege fysiske problem som er knytt til strevet med å takle livet, spisefortyrrelsar er døme på dette.

Mange av dei som helsestasjonane møter har problem med å bu på hybel, og ein del får rusproblem. Dei brukar rusen til å døyve ei kjensle av tomheit, og at dei ikkje greier å vere åleine på hybelen.

Ein av dei som arbeider med unge fortel om at unge ikkje har tydelege normer for skikk og bruk. Dette vert forklart med at dei ikkje får dekka behovet for å spegle seg i dei vaksne. Unge går ikkje på same måten som før i fotspora til foreldra, og dei får få grenser og manglar tilbakemeldingar. Fleire er opptekne av at ungdom har for lite kontakt med vaksne generelt, og at dette er eit stort problem. Vaksenkontakt er ein viktig faktor for å skape tryggleik, sosial læring og bygge opp og skape sjølvtillit.

Dei skildrar unge med ei diffus angst som følgje av uro og stadig skifte som er eit generelt samfunnstrekk. Samfunnet er meir uoversiktig og vanskeleg å forutseie, det er vanskeleg å finne plassen sin og rolla si i den store heilskapen. Dei unge mister fotfeste, og greier ikkje lenger 'henge med'. Ei helsesøster meiner ho ser fleire unge i dag som har kort veg mellom impuls og handling, og som ein del av dette er evna til empati därleg og impulskontrollen er låg. Dette ser på som eit utviklingstrekk i dag.

Nokre av dei intervjua meiner unge her i fylket opplever meir stabilitet i familielivet og at dette gjev større grad av tryggleik og ro. Familiene er i større grad intakte, og dei meiner dette gjer ungdomane meir harmoniske, optimistiske og mindre depressive enn til dømes Oslo-ungdom.

Ungdomsarbeidarane ser problematikk knytt til norske jenter og innvandrarmiljøet som eit betent og vanskeleg tema. Tidlegare var det mindre vanskeleg å integrere innvandrarungdommar, men i dag ser dei det som vanskeleg. Einskilde grupperingar i innvandrarmiljøet og dei norske ungdomsmiljøa er i opposisjon til kvarandre, det er tydelegaste hos ungdom som oppheld seg i sentrum. Frå fritidssida har ein generelt for lite kontakt med ungdomsmiljøet hos innvandrarar.

Unge med problem er synlege på skulen og på helsestasjon. På skular handlar det ofte om fravere, og at dei mistrivst. Det kan også vere rusproblem, og lærarar viser dei til helsestasjon.

Miljøet i tettstadar vurderer dei til å ha endra seg frå midten av 1990-talet og fram til i dag. Dei meiner å sjå ein aukande rusproblematikk. Som ei følgje av det får ein miljø knytt til sentrumsliv og hybelliv, der rus vert eit stort problem. Haldningar til rusmidlar har nok endra seg blant ungdom. Det var meir avstandstaking tidlegare. No er idealet at ein skal kontrollere rusen. At du ikkje kontrollerer rusen kan vere ei årsak til at du forsvinn ut av eit miljø. Dei som ikkje taklar den vellykka rusen må søkje fellesskap med andre. Er du for mykje rusa føl du ikkje spelereglane, og då må du søkje andre miljø der det er akseptert.

I intervjuet fokuserer dei vaksne på mistriksel, at dei unge som strevar er usikre på om dei greier skulen, skulefaga, dei kjenner at dei ikkje strekk til, og dei utviklar depresjonar. Dei vaksne meiner at det er ei overvekt med jenter som har eit lågt sjølvbilde. Dette kan vere jenter som tilsynelatande er vellykka, men du finn også andre som er meir utanfor.

Oppsummert handlar det for dei vaksne informantane fleire punkt, og det første om *relasjonar til andre*. Dei meiner å sjå at gutter og jenter er generelt meir saman enn før, emn veninnesforholda vert oppfatta som tettare. Dette er forhold mellom to-tre jenter, og det er eit ideal for jentene å ha nokre få som ein deler livet med. Dei finn hjelp i å ha ein ven, men samstundes blir ein meir sårbar når du ikkje har.

Dei vaksne peikar på at ein del av problematikken er at dei unge manglar tydelege *normer* for skikk og bruk. Dei får ikkje dekka behovet for å kunne spegle seg i dei vaksne dei har rundt seg, har få grenser og tilbakemeldingar til dei manglar.

Mistrivsel handlar og om *ytre forhold*. Det kan vere at dei syns det er vanskeleg å bu på hybel, at dei ikkje greier å vere åleine på hybelen. I dette vert det ofte snakk om rusproblematikk, at dei rusar seg for å sleppe kjensla av tomheit og einsemd.

Å vere *trist* og *lei* – dei som strevar

Ser vi på svara til dei unge, finn vi at nokre av dei som strevar har problem med tankane om *framtida*, dei er usikre på om dei greier skulen og skulefaga. Eit av nøkkelsvara i det kvantitative materialet på å finne dei som strevar dei som svarar at dei er ofte triste og lei seg. Vi har gjennomført analyser på denne gruppa og samanlikna svara deira med heile gruppa. Nokre av dei gjev svar som fortel oss at dei har problem både med tru på framtid og manglande tru på seg sjølve. Ikkje alle som svarer at dei er trist og lei seg vil vere ei gruppe som slit med livet sitt generelt og over tid, men det gjev likevel nokre indikasjonar om korleis dei ser på seg sjølve og forholdet til andre.

Ei viktig side ved det er at det ser ut som dei som strevar mest ikkje har så store problem i forhold til andre som ein kanskje kunne vente. Vi finn ein sjølvfokus på problema, og det handlar meir om korleis dei ser på seg sjølve enn det sosiale.

Gruppa som er ofte trist og lei seg skil seg i svara frå totalgruppa på denne måten:

- Noko større del av unge i denne gruppa som er ueinig i at foreldra er nøgde med dei.
- Det er fleire i denne gruppa som er eining i at læraren syns dei er flink.
- Gruppa trur i mindre grad at dei er godt likt blant kameratar.
- Færre meiner at foreldra støttar dei i val dei må gjere, men svara deira skil seg ikkje i forhold til om vener støttar dei i val.
- Dei er i mindre grad eining i at dei har nok vaksne utanom foreldre dei kan snakke fortruleg med, men svara skil seg ikkje i om dei har kontakt med personar dei sit pris på.
- Dei er noko meir negative til at dei kan vere seg sjølv blant vener, på skulen og med familien.
- Dei syns i større grad at foreldra forventar for mykje av dei, men svara deira skil seg ikkje frå totalgruppa i om dei meiner at skulen forventar for mykje av dei.
- Dei har i mindre grad kjensle av kontroll på eige liv og at dei kan realisere planar og draumar.

- Dei har ei større kjensle av å vere einsame, er skil svara deira seg klart frå totalgruppa. Spesielt ser vi at jentegruppa som er trist og lei seg kjenner seg einsame.
- Dei veit i mindre grad kva dei vil med livet sitt.
- Dei har i mindre grad tru på at dei vil frå eit bra sosialt liv.
- Gruppa svarer likt med dei andre i forhold til kor vidt dei har mykje eller lite å velje mellom med omsyn til yrke, livsformer og synspunkt. Men det er fleire av dei som er redd for å velje feil.
- Det er langt fleire i denne gruppa som vel å vente og sjå når dei har eit problem.
- Det er mange færre i denne gruppa som svarar at dei er nøgd med seg sjølv
- Dei syns i større grad at livet deira er kjedeleg og det er fleire som brukar tid på ting dei ikkje ser vitsen i.
- Nå vi spør om verdiar, svarer jentene i denne gruppa nokså likt totalgruppa. Men for gutane som er triste er tryggleik ein viktigare verdi enn svara frå den samla gruppa av gutter.
- Det er færre av dei som er eining i at poenget med å leve er å ha det moro.
- Fleire i denne gruppa som svarer at det er viktig for meg å ha ein fin kropp.

I desse svara er det vi finn forskjellane mellom dei som er trist og lei. Vi ser at gjennomgåande har dei meir negativ haldning til livet og framtida, og at det oftast handlar om korleis dei seg på seg sjølve og framtida.

Einsemd

Kor ofte kjenner du deg einsam?

| %, n = 414 | aldri | sjeldan | nokre gonger | Ofte | alltid |
|------------|-------|---------|--------------|------|--------|
| Totalt: | 11,3 | 50,4 | 30,7 | 6,6 | 1,0 |
| jenter: | 7,6 | 47,6 | 35,2 | 9,5 | 0 |
| gutar: | 15,2 | 53,3 | 25,9 | 3,6 | 2,0 |

Over 60% av ungdomane kjenner seg sjeldan eller aldri einsam. Gutane er tydlegare på dette: 69% gutter er sjeldan eller aldri einsam, medan tilsvarande prosent for jentene er 55% (differanse på 13%). Kjønnsforskjellane på dette er interessant mellom anna fordi dei svarer så forskjellig på verdi-spørsmål. For gutane er det viktigaste å vere sosial, og melder her om at dei har familie og vene rundt seg. Jentene melder om tryggleik som det viktigaste, og tendensen i dette svaret om ei større grad av einsemd enn gutane kan vere eit samsvar med eit behov for å vere trygg i dei sosiale relasjonane.

Dei unge som kjenner seg einsam nokre gonger utgjer 31%, og dei som alltid eller ofte er om lag 8%. I tal er det ikkje er mange, så er det alvorleg for dei det gjeld. Når dei unge er så klare i at det å vere sosiale og å vere trygg i sosiale relasjonar betyr så mykje for dei, er det alvorleg for dei ofte å kjenne seg einsam.

Jenter som slit

Jentene som kjem til helsestasjon er forskjellige. Ei gruppe unge jenter strevar og har forskjellige diffuse fysiske plagar, og dei slit med forskjellige ting. Dei har ei ganske diffus problemstilling: orkar ikkje, vil ikkje, er berre trøtte og foreldra lurer på om dei er sjuke. Dette er gjerne jenter som tidligare har vore skoleflinke. No har dei eit problematisk forhold til skule, til vene og foreldre. Dei får ikkje sove skikkeleg, og taklar ikkje livet sitt lenger.

Helsestasjonspersonell seier at det handlar om generell mistrivsel, at dei er usikre på korleis dei greier skulen og skulefaga. Dei er ikkje glade lenger og dei orkar ikkje vere saman med vener, dei har klassiske teikn på depresjon.

Fleire seier at jentene sine anoreksi-problem ikkje er så tydelege som dei var for nokre år sidan, men er usikre på korleis dei skal forklare dette. Dei stiller spørsmål om det er så vanleg at ein ikkje ser det lenger, og at det er så vanleg at unge jenter har unormalt forhold til mat og akseptert at ein ikkje søker hjelp for det. Men dei møter jenter som er svært tynne, ofte vellykka jenter med stor kontroll på alt dei driv med. Det betyr mykje å vere på topp, og det er lite som er overlete til tilfeldighetar.

Dei har høge mål for framtida, dei skal ha høg utdanning. Ofte kjem dei til helsestasjonen når problema gjer at det går ut over skulearbeidet. Dei greier ikkje henge med lenger, og når dei ikkje har kontroll lenger blir det eit problem. Ambisjonane er høge, og fallet er tilsvarande stort. Det viktigaste for desse jentene er å halde seg ovanpå, det er lite rom og tid for andre ting. Dei skal meine noko og vere intelligente. Kanskje problemet er at dei i dette strevet vert einsame.

"Jeg har vært flink på skolen, men nå gjør jeg det dårlig, vet ikke hva jeg vil, om jeg får noe til, kanskje bare begynne å jobbe på Rema, tror jeg vil bli veldig fornøyd med det. Jeg vet jo hva jeg skal gjøre og hva man forteller meg at jeg skal gjøre, klarer ikke, har ikke energi, klarer ikke mobilisere krefter, vil bare sove, trøtt, men ikke bare trøtt, er trøtt inni meg..." (Sitat ung jente i møte med helsepersonell)

Ein av dei vaksne informantane oppsummerer bildet av jenter og jenterolla på denne måten:

- Jenter trekkjer seg tilbake til det trygge og tradisjonelle kjønnsrollemønsteret.
- Det er vanskeleg og komplisert å vere jente, dei har meir å stri med enn gutane. Jentekulturen er meir brutal, baksnakking og ignorering, meir komplekst og vanskeleg enn å vere gut.
- Jentene tek meir ansvar for samfunnet rundt seg, dei er til dømes meir aktive i ungdomspolitikken, tek ansvar i ungdomsklubben og i elevråd. Omsorgsrolla overfører dei også i samvere med kjærasten.
- Det kommersielle sida av kulturen vår gjere det vanskeleg for jenter, kroppskultur, kjøpepress og konsum. Gutar har det lettare, dei er ikkje så opptekne av dette.

Gutar som slit

Gutane kjem i mindre grad til helsestasjonane utan at dei er tilvist frå lærar, og då er det ofte knytt til noko konkret fysisk. Dei oppsøkjer i mindre grad ungdomshelsestasjon, og helsepersonell opplever at dei framleis har vanskar med å snakke om ting dei strevar med psykisk. Problema til gutane er ofte knytt til fråvere på skulen og rusproblematikk. Unntaksvise kjem gutar også av seg sjølv og vil prate, og dei har ei kjensle av å vere nedfor. Mange av desse gutane har eit rusproblem, dei rusar seg for å unngå kjensla av at alt er tomt og utan mening.

I svara tidlegare ser vi at gutane melder om eit anna handlingsmønster når dei møter problem. Dei held det i større grad for seg sjølv, og ventar i større grad enn jentene på at det skal gå over. Ein konsekvens kan vere at det er lettare å ty til rus når ein ikkje har andre strategiar når ein møter problem ein ikkje greier å løyse, og heller ikkje har for vane å snakke om med andre.

Lågt sjølvbilde og relasjonar til andre

Når det handlar om unge og mangel på meinings i livet, er det tydeleg at det handlar om deira eige syn på seg sjølv. Mange jenter har eit lågt sjølvbilde, også dei som ser svært vellykka og veltilpassa ut.

Generelt opplever nokre av dei som arbeider med ungdom at gutter og jenter er meir saman med kvarandre enn dei var før, gutter og jenter er i større grad saman. Men eit viktig trekk er dei tette veninneforholda, tettare enn før. Det vert beskrive som eit ideal, og det hjelper å ha ei veninne å snakke med, tru seg til. Fleire av intervjuia med unge skildrar slike relasjonar nøye. For unge er det aller viktigaste å ha vene og vere saman med vene. Har du ikkje den eine venen som betyr mykje for deg, kan det føre til depresjonar.

Fleire av dei intervjuia vaksne har inntrykk av at det er større krise for ei jente å falle utanfor i fellesskapet. Dei diskuterer om dette kan vere fordi jentene gjere andre ting saman enn gutane, dei er i større grad opptekne av dialogen, og samværet vert sett på som sterkare i jentekulturen, gutane er meir opptatt av å gjøre ting i lag.

Meining er knytt til sosialt samvere, dette peikar informantane på. Men kva då med data i den kvantitative delen av undersøkinga? Det ser ut som den fortel om at problema i stor grad heng saman med sjølvkjensle. Svara til dei som ofte er lei seg og triste fortel om unge som har problem med ei rekke spørsmål som er knytt til eigen identitet, men data er ikkje så eintydig i at dei har problem med relasjonar til andre.

Ungdom er svært opptekne av kvarandre, og det er viktig å ha tilhøyre i ungdomsmiljøet. Mange unge sliter i forhold til dette. Vakseninformantar peikar på at dei manglar sosial ferdighetar og les ikkje godt spelet mellom ungdomane. Dei beherskar ikkje godt nok omgangstonen, språket, kodar for å kle seg osb. Dei endar gjerne på sidelina, og eit resultatet er at dei søker til mindre kravstore miljø. Ei følgje av dette er at ein del ungdomar med dårlege føresetnadar søker kontakt med andre med same problem. Ein del av dei som leiker seg med rus og har dårlege tankar om livet sitt hamnar i lag med andre i same situasjon.

Ein del av ungdomane med problem er svært einsame, dei har få vene. Andre ungdomar på same alder er ikkje interessert i å bry seg og inkludere ungdomar som slit, dei har nok med seg sjølve og eigne vene. Dette 'les' dei som ikkje taklar kodane, og ein skal ikkje har søkt kontakt mange gongar og blitt avvist, før ein trekker seg vekk. Det blir for smertefullt, ein utset seg ikkje for det. Det same gjeld vaksenkontakta, det ser ut som dei har få rundt seg som bryr seg.

Ungdom og livsmeining – oppsummering

Vi ser at det store fleirtalet unge lever eit liv dei er nøgde med, og med stor tru på framtida. Undersøkinga fortel mykje om forhold til foreldre, vene og lærarar, om livet dei lever no og tankar om framtida, sjølvtilleit og sjølvrealisering og om viktige verdiar. Vi finn ikkje ei bilde av ei samla gruppe ungdomar som lengtar vekk, og som ikkje finn seg til rette korkje heime, på skulen eller blant vene. Tvert om er eit hovudtendens at vi møter ressurssterke ungdomar som har tru på seg sjølv og framtida, og som trivst i kvardagen sin. Samstundes ser vi at dei same ungdomane melder om at det er vanskeleg å gjere val for framtida.

Det store fleirtalet av unge i denne undersøkinga har eit liv dei er nøgde med, og har stor tru på framtida. Undersøkinga fortel at generelt har dei eit godt forhold til foreldre, vene og lærarar, at livet dei lever her og no slett ikkje er så verst, dei har mange tankar om framtida, om sjølvtilleit og sjølvrealisering og om viktige verdiar. Eit tydeleg bilde er at dei er doble i korleis dei ser på framtida: dei har tru på at dei skal lykkast og få seg eit godt liv samstundes som dei tykkjer det er vanskeleg for dei å gjere val.

Materialet viser at det er store forskjellar på korleis gutter og jenter tenkjer om framtida si, og kva som er viktig for dei.

Gjennom datamaterialet møter vi også ei gruppe ungdomar som har problem med mange sider av livet sitt. Det er ikkje ei stor gruppe, og i intervjuet og i andre nasjonale undersøkingar er det grunn til å tru at gruppa er større enn dei kvantitative data fortel. Det er viktig å merke seg at problema først og fremst handlar om korleis dei ser på seg sjølv, og korleis dei trur dei vil meistre framtida. Ikkje så mange av dei ser ut til å ha problem med forhold til dei nære rundt seg.

Samtidig melder dei vaksne som arbeider med unge at dei meiner og sjå endringar i dei sosiale mònstra, spesielt til jentene, og at dei veit for lite om det. Dei fortel om stadig tettare relasjonar mellom små grupper av jenter, men at dei som ikkje har desse 2-3 nære veninnene fell utanfor på ein annan måte enn før – dei vert meir sårbare.

Vi ser at gutter og jenter gjennomgåande svarer ulikt. Nordisk forsking har peiker i retning at vi ser skandinaviske jenter med ein endra kjønnsidentitet, dette drøftar vi i forhold til funna i denne undersøkinga. Det er ikkje tilfeldig at vi vel dette fokuset, alle dei vaksne informantane våre peikar på ei endring hos jentene som vi veit for lite om. Desse endringane handlar om grunnleggande trekk i korleis dei møter livet. Mange av dei vaksne informantane er uroa over nokre av jentene dei møter.

Litteraturliste

Befring, E. (red.) (2003): *Sosiale og emosjonelle vansker hos barn – problemer, utfordringer og muligheter*. Barn i Norge 2003. Årsrapport om barn og unges psykiske helse. Oslo: Voksne for barn.

Befring, E. (2004): *Skolen for barnas beste. Oppvekst og læring i eit pedagogisk perspektiv*. Det norske samlaget, Oslo

Bjerrum Nielsen, H. (2004): Noisy girls. New subjectivities and old gender discourses. I *Young. Nordic Journal of Youth Research.* 12(1)

Breidablikk, H. J. (1997): *Helse, miljø og livsstil blant Førde-elevar 1995-99: Fra sunne og lykkelige barn til besværlig ungdom fortsatt? Utvikling over 4 år i lokalsamfunnet sammenholdt med nasjonale generell utviklingstrender*. Førde

Bringedal, B. (2002): Ungdomskulturer og verdier. I *Med forskerblick på verdier*. Verdinettet, Noregs Forskningsråd

Bringedal, B. og Osland, O. 2003 "... Fylt av ingen ting". Kjedsomheten og makten over livet. I Engelstad, F. Og Ødegård, G. (2003): *Ungdom, makt og mening*. Makt og demokratiutredningen 1998-2003 Gyldendal Norsk Forlag, Oslo

Brunstad, P. O. (1998): *Ungdom og livstolking: en studie av unge menneskers tro og fremtidsforventninger*. KIFO-perspektiv nr. 3

Brunstad, P. O. (1999): En "her og nå" generasjon? Om tidsforståelse og fremskrittstro blant unge mennesker. *Prismed nr. 2 1999* s. 60-64

Brunstad, P. O. (2000): Kjedsomhet som sosial og kulturell maktfaktor. I Meyer, S. (red) *Avmakt. Skjebne, frigjøring eller maktbase?* Makt- og demokratiutredninga. Gyldendal Akademisk, Oslo

Burkeland, S. (1998): *Ungdom, risiko og livsmening : en sosiologisk analyse av stilskriving om temaet selvmord*. Hovudfagsoppgåve i sosiologi, Universitetet i Bergen.

Dale, E. L. og Wærnness, J. I. (2003): *Differensiering og tilpasning i grunnopplæringa. Rom for alle – blick for den enkelte*. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo

Debats, D.L. (1996): *Meaning in life. Psychometric, clinical and phenomenological aspects*. Thesis University Groningen

De Vogler, K. L. & Ebersole, P. (1983): Young adolescents' meaning in life. I *Psykologi* Vol 52, s 427-431.

Drotner, K. (1991): *At skabe sig selv: Ungdom, æstetik, pædagogik*. Gyldendal, Köbenhavn

Engelstad, F. og Ødegård, G. (red.) (2003): *Ungdom, makt og mening. Makt og demokratiutredningen 1998-2003*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Engelstad, F. og Ødegård, G. (2003): *Makt, mening og motstand*. I Engelstad, F. og Ødegård, G. (red.) (2003): *Ungdom, makt og mening. Makt og demokratiutredningen 1998-2003*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Foreldremagasinet 7-2001

Förnas, J. (red.) (1984) *Ungdomskultur : identitet och motstånd : en antologi*. Akademilitteratur, Stockholm

Gullestad, M. (1996): *Hverdagsfilosofier: verdier, selvforståelse og samfunnssyn i det moderne Norge*. Universitetsforlaget, Oslo

Giddens, A. (2002): *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under sen-moderniteten*. Hans Reitzels forlag, København

Giddens, A. (1994): *Modernitetens konsekvenser*. Hans Reitzels forlag, København

Giddens, A. (1994): *Intimitetens forandring: seksualitet, kærlighed og erotikk i det moderne samfunn*. Hans Reitzels forlag, København

Goffman, E. (1986): *Frame Analysis. An Essey on the Organization of Experience*. Northeastern University Press, Boston

Grepperud, G. (red.) (2000): *Tre års kjedsomhet? Om å være elev i grunnskolen*. Gyldendal Akademisk, Oslo

Hjort, P. F. (1996): Society, Communication and Marginalization. The Countermeasures and Health. I *Culture and Health, Report. International Unesco-Conference* (21-28). Oslo: The Norwegian National Commission for UNESCO

Heggen, K., Jørgensen, G. og Paulgaard, G. (2003): *De andre. Ungdom, risikosoner og marginalisering*. Bergen: Fagbokforlaget.

Hellevik, O. (2002): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Universitetsforlaget, Oslo

Imsen, G. (1998): *Elevens verden*. Tano Aschehoug, Oslo

Jørgensen, G.: (1994) *To ungdomskulturer : om vedlikehold av sosiale og kulturelle ulikheter i Bygdeby*. Rapport 1/1994 Vestlandsforskning, Sogndal

Listhaug, O. (1991): *Norske verdier 1982-1990: Stabilitet og endring*. ISS-rapport, Trondheim

Maddi, S. (1967): The existential neurosis. *Journal of Abnormal Psychology*, 72, 311-325.

Maslow, A. (1962): *Towards a psychology of being*. Princeton, New York

Mead, G. H. (1976): *Medvetandet, jaget och samhället från socialbehavioristisk standpunkt*. Argos Förlag AB, Lund

Mørch, W. T. og Fossum, S. (2003): Kjønnsforskjeller ved adferdsforstyrrelser. I Befring, E. (red.): *Sosiale og emosjonelle vansker hos barn – problemer, utfordringer og muligheter*. Barn i Norge 2003. Voksne for barn.

Pedersen, W. (1998): *Bittersøtt: Ungdom, sosialisering og rusmidler*. Universitetsforlaget, Oslo

Reich, B. og Adcock, C. (1973): *Values attitudes and behaviour change*.

Skårderud, F. (2000): *Uro. En reise i det moderne selvet*. Aschehoug, Oslo

Stafseng, O. (2000): Framtiden bør ikke lenger sitte på skolebenken? I Grepperud, G. (red.) (2000): *Tre års kjedsomhet? Om å være elev i grunnskolen*. Gyldendal Akademisk, Oslo

St.m.39 (2001-2002): Oppvekst- og levekår for barn og ungdom i Noreg. Barne- og familieldepartementet.

Trondman, M. (1999): *Kultursociologi i praktiken*. Studentlitteratur, Lund

Yalom, I. D. (1980): *Existential psychotherapy*. New York: Basic Books

Ødven, A. M. og Øydvinn, A. (2001) Ungdom og livsmeining. Fase 1. Notat VF; Sogndal.

Øydvinn, A. (2004): *Ungdom og medverknad i "Ung i Sogn og Fjordane" - Delrapport 1. Evaluering av "Ung i Sogn og Fjordane"* VF-rapport 5/2004. Sogndal

Øydvinn, A. (2004): *Evaluering av "Ung i Sogn og Fjordane" - Delrapport 2 Prosjekta i programmet*. VF-rapport 6/2004. Sogndal

Vedlegg 1A: Spørsmåla i den kvantitative delen av datamaterialet

Vedlegg 1 B viser den fullstendige utforminga av spørreskjemaet.

Forhold til foreldre/vener/lærarar

Foreldra mine er nøgd med meg som dotter/son.

Eg trur at dei fleste lærarane mine synest at eg er flink.

Eg er godt likt blant kameratar.

Foreldra mine støttar meg i vala eg må ta.

Venene mine støttar meg i vala eg må ta.

Eg har nok vaksne eg kan snakke fortruleg med utanom foreldra mine.

Eg har lite kontakt med personar eg verkeleg set pris på.

Eg synest at vaksne bryr seg mykje/lite om ungdom.

Når eg er saman med vener, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

Når eg er saman med familien min, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

Når eg er på skulen, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

Kor ofte kjenner du deg einsam?

Kjenner du vaksne som er forbilde for deg, og er slik du sjølv kunne tenkt deg å bli i framtida?

Eg har nokon som hjelper meg å utvikle meiningsane (synspunkta) mine.

Mange skifter mening så fort at eg veit ikkje kva eg skal meine.

Eg synest at foreldra mine forventar for mykje/for lite av meg.

Eg synest at lærarane mine forventar for mykje/for lite av meg.

Eg er i stand til å ta meir ansvar enn foreldra mine gir meg.

Eg er i stand til å ta meir ansvar enn lærarane mine gir meg.

Eg synest samfunnet stiller for høge krav til meg.

Livet mitt no og framtida mi

Eg synest at eg har kontroll over mitt eige liv.

Det blir som oftast noko av planane mine.

Eg veit kva eg vil med livet mitt.

Eg har tru på at eg kan realisere draumane mine.

Eg synest at framtida er vanskeleg å planlegge.

Eg trur eg vil finne meg ein bra jobb.

Eg trur eg vil få eit bra sosialt liv.

Eg trur at fritida mi vil bli meiningsfull.

Eg synest eg har lite/mykje å velje mellom (yrke, livsformer, synspunkt osb).

Eg er redd for å velje feil (yrke, livsformer, synspunkt osb).

Eg er ofte lei meg og trist.

Dersom eg er lei meg og trist, så brukar eg oftast å:

vente og sjå kva som skjer

holde det for meg sjølv

spørje om å få hjelp av vener

spørje om å få hjelp av foreldre

spørje om å få hjelp på skulen

anna

Dersom eg ikkje veit korleis eg skal løyse eit problem, så brukar eg oftast å:

vente og sjå kva som skjer
holde det for meg sjølv
spørje om å få hjelp av vener
spørje om å få hjelp av foreldre
spørje om å få hjelp på skulen
anna

Eg er nøgd med det norske samfunnet

Eg er stolt over å vere norsk

Eg er stolt over å vere frå Sogn og Fjordane

Eg synest det blir gjort for lite for ungdom.

Eg har lag og foreiningar i nærleiken der eg har lyst å vere med.

Det finst ikkje organisasjonar i nærleiken der eg kan bruke samfunnsengasjementet mitt.

Eg trur eg kan bidra til ei meir positiv utvikling i verden (både nærmiljø, Noreg og i verden).

Eg kjenner ofte avmakt i forhold til korleis verden utviklar seg.

Til dagleg blir eg lite påverka av tankar om samfunns-/verdensproblem.

Sjølvtillit, sjølvrealisering

Eg er nøgd med meg sjølv.

Eg synest at livet er kjedelig.

Eg brukar mykje tid på ting eg eigentlig ikkje ser vitsen i.

Mange av dei tinga eg held på med set farge på livet mitt.

Eg har kjensle av at eg brukar og utviklar talenta mine i aktivitetar eg driv på med.

Identitet

Eg har klare meningar om mange saker.

Det er viktig for meg å vere politisk engasjert.

Eg tenker mykje på etikk, religion og livssynsspørsmål.

Poenget med å leve er å ha det moro.

Eg synest det er viktig å kunne vere til nytte for andre.

Det er viktig for meg å ha ein fin kropp.

Det er viktig for meg å tene mykje pengar.

I praksis styrer prinsippa mine i lita grad korleis eg leve.

Kva er dei 5 viktigaste verdiane for deg (val i ei liste): Hjelpe andre, toleranse, å vere sosial, glede og/eller spenning, fridom, å vere trygg, sjølvrealisering, anerkjenning, status, å forbetre verden, det materielle (løn, eigedom o.l.), tradisjon, kritisk tenking, kreativitet eller anna

Vedlegg 1 B: Spørjeskjema til elevar i vidaregåande skule

Same som vedlegg 1, men med utforminga på spørsmåla og med svaralternativa

Spørjeskjema Ungdom og livsmeining

Ung i Sogn og Fjordane er ei stor satsing på unge i fylket, og omfattar tiltak på arbeid, utdanning, fritid, transport, helse og medverkan. Målet er at det skal bli betre for ungdom å bu i fylket. På oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomfører Vestlandsforsking ei undersøking om korleis ungdom har det, og om ungdom ser meining i livet. Undersøkinga skal bygge opp kunnskap slik at ein veit meir om korleis ungdom trivst i fylket. Dette gjer ein betre stand til å motverke at ungdom får problem.

Spørjeundersøkinga er anonym, og eit utval av ungdommar på vidaregåande skule svarer på skjemaet. Skjemaet fyller du ut ved å merke av i kor stor grad du er einig i påstandane. Svara skal vere anonyme. Svara skal bearbeidast statistisk, og resultat frå undersøkinga vil bli skrive om i avisar i haust og i eigen rapport.

Mange av spørsmåla er personlege og nokre vil kanskje oppleve dei som nærgåande. Vi ber likevel om at de svarer på dei, det er informasjon som er heilt nødvendige for å få vite korleis ungdomar eigentleg har det. Dei svara vi får inn vert behandla heilt anonymt, og i offentleggjering av informasjon vil ingen enkeltpersonar kunne bli gjenkjent. Når du svarer på spørsmåla, forsikrar vi deg om at opplysningane du gjev ikkje skal kunne koplast mot det vi kallar persondata (skule, heimstad osb.).

Skjemaet er bygt opp med ei rekke påstandar som du svarar på i kva grad du er einig eller ikkje. Du sett ring rundt eller kryssar av på det svaralternativet du er einig i. Nokre av spørsmåla er så generelle at det ikkje alltid er like lett å svare nøyaktig. På det første spørsmålet spør vi til domes på om du trur foreldra sine er nøgd med deg. Skal du vere nøyaktig, vil dette sikkert variere etter kva situasjon du og dei er i. Men det vi er ute etter, er den generelle kjensla du har av i kor stor grad dei er nøgd med deg.

Det er ledig plass under kvart spørsmål dersom du treng å utfylle svaret ditt.

Du leverer det ferdig utfylte skjemaet til læraren, som legg det i ein konvolutt og sender det vidare til oss. Læraren skal ikkje sjå på skjemaet du har fylt ut.

| | | | | | |
|------------------------|--|--|--|--|--|
| Personlege opplysingar | | | | | |
| Kjønn: | | | | | |
| Alder: | | | | | |
| Skole: | | | | | |
| Line: | | | | | |
| Kvar kjem du frå? | | | | | |
| Bur du på hybel? | | | | | |

Vidare nedover fyller du ut skjemaet ved å sette ring rundt eller krysse av på det alternativet som viser i kor stor grad du er einig i påstandane.

Forhold til foreldre/vener/lærarar

- 1) Foreldra mine er nøgd med meg som dotter/son.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

- 2) Eg trur at dei fleste lærarane mine synest at eg er flink

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

- 3) Eg er godt likt blant kameratar.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

- 4) Foreldra mine støttar meg i vala eg må ta.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

5) Venene mine støttar meg i vala eg må ta.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

6) Eg har nok vaksne eg kan snakke fortruleg med utanom foreldra mine.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

7) Eg har lite kontakt med personar eg verkeleg set pris på.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

8) Eg synest at vaksne bryr seg ... om ungdom.

| | | | | |
|--------------------|----|----|------------|--|
| -2 alt for lite | -1 | -1 | 0 passe | |
| | | | | |

9) Når eg er saman med vener, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

10) Når eg er saman med familien min, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

11) Når eg er på skulen, har eg kjensle av at eg kan vere meg sjølv.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

12) Kor ofte kjenner du deg einsam?

| | | | | |
|-------------|---------------|-------------------|-----------|-------------|
| -2 aldri | -1 sjeldan | 0 nokre gonger | 1 ofte | 2 alltid |
| | | | | |

13) Kjenner du vaksne som er forbilde for deg, og er slik du sjølv kunne tenkt deg å bli i framtida?

| | | | | |
|-------------|----------|------------|--------------|------------|
| -2 ingen | -1 få | 0 nokre | 1 ein del | 2 mange |
| | | | | |

14) Eg har nokon som hjelper meg å utvikle meiningsane (synspunkta) mine.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

15) Mange skifter mening så fort at eg veit ikkje kva eg skal meine.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

16) Eg synest at foreldra mine forventar av meg.

| | | | | |
|---------------------|----|---|---|-------------------|
| -2 alt for mykje | -1 | 0 | 1 | 2 alt for lite |
| | | | | |

17) Eg synest at lærarane mine forventar av meg.

| | | | | |
|---------------------|----|---|---|-------------------|
| -2 alt for mykje | -1 | 0 | 1 | 2 alt for lite |
| | | | | |

18) Eg er i stand til å ta meir ansvar enn foreldra mine gir meg.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

19) Eg er i stand til å ta meir ansvar enn lærarane mine gir meg.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

20) Eg synest samfunnet stiller for høge krav til meg.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

Livet mitt no og framtida mi

21) Eg synest at eg har kontroll over mitt eige liv.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

22) Det blir som oftast noko av planane mine.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

23) Eg veit kva eg vil med livet mitt.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

24) Eg har tru på at eg kan realisere draumane mine.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

25) Eg synest at framtida er vanskeleg å planleggje.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

26) Eg trur eg vil finne meg ein bra jobb.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

27) Eg trur eg vil få eit bra sosialt liv.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

28) Eg trur at fritida mi vil bli meiningsfull.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

29) Eg synest eg har ... å velje mellom (yrke, livsformer, synspunkt osb).

| | | | | |
|---------------------|----------------------|------------|--------------------|-------------------|
| -2 alt for mykje | -1 litt for mykje | 0 passe | 1 litt for lite | 2 alt for lite |
| | | | | |

30) Eg er redd for å velje feil (yrke, livsformer, synspunkt osb).

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

31) Eg er ofte lei meg og trist.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

32) Dersom eg er lei meg og trist, så brukar eg oftast å:

(set eit eller fleire kryss)

| |
|-----------------------------------|
| vente og sjå kva som skjer |
| holde det for meg sjølv |
| spørje om å få hjelpe av vener |
| spørje om å få hjelpe av foreldre |
| spørje om å få hjelpe på skulen |
| Anna, kva? |

33) Dersom eg ikkje veit korleis eg skal løyse eit problem, så brukar eg oftast å:

(set eit eller fleire kryss)

| |
|-----------------------------------|
| vente og sjå kva som skjer |
| holde det for meg sjølv |
| spørje om å få hjelpe av vener |
| spørje om å få hjelpe av foreldre |
| spørje om å få hjelpe på skulen |
| Anna, kva? |

34) Eg er nøgd med det norske samfunnet

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

35) Eg er stolt over å vere norsk

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

36) Eg er stolt over å vere frå Sogn og Fjordane

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

37) Eg synest det blir gjort for lite for ungdom.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

38) Eg har lag og foreiningar i nærleiken der eg har lyst å vere med.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

39) Det finst ikkje organisasjonar i nærleiken der eg kan bruke samfunnsengasjementet mitt.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

40) Eg trur eg kan bidra til ei meir positiv utvikling i verden (både nærmiljø, Noreg og i verden).

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

41) Eg kjenner ofte avmakt i forhold til korleis verden utviklar seg.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

42) Til dagleg blir eg lite påverka av tankar om samfunns-/verdensproblem.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

Sjølvtillit, sjølvrealisering

43) Eg er nøgd med meg sjølv.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

44) Eg synest at livet er kjedelig.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

45) Eg brukar mykje tid på ting eg eigentlig ikkje ser vitsen i.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

46) Mange av dei tinga eg held på med set farge på livet mitt.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

47) Eg har kjensle av at eg brukar og utviklar talenta mine i aktivitetar eg driv på med.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

Identitet

48) Eg har klare meininger om mange saker.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

49) Det er viktig for meg å vere politisk engasjert.

| | | | | |
|--------------|----|---|---|-------------|
| -2 | -1 | 0 | 1 | 2 |
| Heilt ueinig | | | | heilt einig |
| | | | | |

50) Eg tenker mykje på etikk, religion og livssynsspørsmål.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

51) Poenget med å leve er å ha det moro.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

52) Eg synest det er viktig å kunne vere til nytte for andre.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

53) Det er viktig for meg å ha ein fin kropp.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

54) Det er viktig for meg å tene mykje pengar.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

55) I praksis styrer prinsippa mine i lita grad korleis eg leve.

| | | | | |
|--------------------|----|---|---|------------------|
| -2 heilt ueinig | -1 | 0 | 1 | 2 heilt einig |
| | | | | |

56) Sett kryss fram for dei 5 verdiane som er mest viktig for deg i lista nedanfor:

| Sett kryss: | Kva er viktig for meg? |
|-------------|--------------------------------|
| | Hjelpe andre |
| | Toleranse |
| | Å vere sosial |
| | Glede og/eller spenning |
| | Fridom |
| | Å vere trygg |
| | Sjølvrealisering |
| | Anerkjennung |
| | Status |
| | Forbetre verden |
| | Materielle (løn, eigedom o.l.) |
| | Tradisjon |
| | Kritisk tenking |
| | Kreativitet |
| | Anna. Kva? |

Har du kommentar til undersøkinga eller til spørsmåla?
TAKK FOR HJELPA!

Vedlegg 1C: Oppgåvetekst for stilar på vidaegåande

Tekst

Det er sagt at det å kjede seg er uttrykk for ei avmaktskjensle. Det betyr at keisemd kan vere alt frå å ikkje ha makt over enkeltsituasjonar, som å kjede seg i ein time på skolen, til ikkje å ha makt over meir omfattande situasjonar, som at meir generelle sider ved livet opplevast som kjedeleg og utanfor kva den einskile kan styre og kontrollere. Er kjeisemd det same som avmakt, slik du ser det? Grunngje vurderinga di. Bruk dømer på situasjonar du vil kalle kjedelege og lag eit skilje mellom overfladiske og meir omfattande kjensler av keisemd.

Vedlegg 2: Intervjuguide

Intervju med vaksne som arbeider med unge

1. Kjønn
2. Alder
3. Yrke

4. Kor lenge har du jobba med ungdom?

5. Korleis vil du beskrive jenter som veks opp i dag?
(haldningar, framtidsutsikter, likestillingstema osb.)

6. Korleis synest du unge jenter i dag klarer å tilpasse seg det moderne samfunnet ut i frå omgrep som modernisering og individualisering?

7. Har det skjedd ei endring i jenterolla dei siste åra? Korleis?

8. Ein les gjerne i media at ungdom i dag slit med angst og depresjonar. Stemmer dette med din erfaring?
Har problemet auka i omfang de siste årene? Dersom ja, på kva måte merkar du dette?

9. Vi veit at samlande aktivitetar som religiøse, politiske og ulike frivillige organisasjonar står svakt i dagens samfunn. Er det noko du ser som erstattar desse aktivitetane sin funksjon som samlande og integrerande?

10. Korleis meiner du ungdom i dag skapar meining i tilvere sitt?

11. Dersom du skulle høgt rundt tema ”ungdom og livsmeining”, kva er det første som fell deg inn?

Vedlegg 3: Samandrag for dei tre delrapportane i Ung i Sogn og Fjordane

Samandrag av samla rapportering

Evalueringa av Ung i Sogn og Fjordane og Ungdom og livsmeining handlar om ungdomar sitt liv i fylket og korleis offentlege tiltak sett i gang av Sogn og Fjordane fylkeskommune og andre offentlege etatar kan vere med å auke trivselen til gjere unge i fylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune har i mange år satsa systematisk på at fylket skal vere ein stad der ungdomar har lyst å bu og leve. Rapportane fortel om kva som er viktig for ungdomar og kva tiltak som er sett i gang for å skape eit 'trivselsfylke' for ungdom. Undersøkinga drøftar spørsmål om unge er med å påverke og utforme tiltak i programmet Ung i Sogn og Fjordane, både direkte og indirekte. Ikkje alle ungdomane vi møter kjenner til Ung i Sogn og Fjordane. Dei er likevel ekspertane på temaet. Ved å halde kva som er viktig for dei opp mot innhaldet i prosjekta får vi fram ei vurdering frå unge.

Tre delrapportar

Del 1 av evalueringa er ei vurdering av prosjekta gjennom ungdomar sitt eige blikk og deira ståstad. Vi nyttar data som fortel om korleis ungdomane sjølv vurderer tiltaka. Evalueringa undersøkjer om dei unge har vore med å påverke utforminga av prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane. Ser vi ungdomane igjen i utforminga av programmet Ung i Sogn og Fjordane? Er dei aktive lokalt i dei einskilde prosjekta?

Del 2 er ein gjennomgang av Sogn og Fjordane fylkeskommune si satsing på Ung i Sogn og Fjordane og alle tiltaka som er initierte gjennom dette programmet. Rapporten er deskriptiv, og inneholder få analysar. Grunnlagsmateriale er henta frå søknad til departementet, rapportering frå fylkeskommunen, søkerad frå kommunane til programmet og delvis frå rapportering i einskildprosjekt. Målet er å gje eit bilde av heilskapen i Ung i Sogn og Fjordane, og så detaljert at andre kan følgje i spora til arbeidet.

Del 3 handlar om ungdom og livsmeining. Arbeidet er ikkje ein del av evalueringa, men ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget når vi vurderer om tiltaka er relevante for ungdomane. Undersøkinga er finansiert gjennom Ung i Sogn og Fjordane. Målet med arbeidet var å undersøkje om det er slik at stadig fleire ungdomar i fylket slit med å takle livet sitt. Vi nyttar data frå intervju med ulike yrkesgrupper som arbeider med ungdom, og gjennomfører ei spørjeundersøking der vi får informasjon om korleis eit representativt utval av ungdomar ser på livet sitt no og framtida. Det store fleirtalet unge lever eit liv dei er nøgde med, og med stor tru på framtida. Undersøkinga fortel mykje om forhold til foreldre, vener og lærarar, om livet dei lever her og no, tankar om framtida, sjølvtillit og sjølvrealisering og om viktige verdiar. Samstundes møter vi ei gruppe ungdomar som har problem med mange sider av livet sitt.

Ung i Sogn og Fjordane – som ungdomar i resten av landet og verda, like og ulike?

I alle delane av undersøkinga møter vi ungdomar som har mange fellestrek og på same tid er ulike. Vi ser at det er stor forskjell på korleis jenter og gutter tenkjer og lever, men på same tid er dei ulike jentene og gutane forskjellige. Ei jente har andre behov enn ei anna jente, og sameleis med gutane. Kven ungdomane er, kva dei vil og har behov for heng saman med

bakgrunn, røynsler og syn på framtida. Ungdomsmiljøa vert påverka av kva slags lokalsamfunn dei fungerer i, døme på dette kan vere storleik på staden og næringsgrunnlag.

Å utvikle tilbod for ulike grupper ungdom er nedfelt som ein del av fylkeskommunen si målsetjing for Ung i Sogn og Fjordane, som igjen er i tråd med nasjonale føringar. Breidde skal sikre at ein treffer ulike grupper ungdom sine behov. Unge sin medverknad i prosjekta sikrar at tiltaka er relevante.

For å kunne undersøkje om dei unge har medverka, må vi seie noko meir om kva vi legg i omgrepet. Omgrepet medverknad kan forståast på mange måtar.

Medverknad på overordna programnivå

Den eine delen av svaret på spørsmål vi stiller om medverknad i Ung i Sogn og Fjordane, er ei vurdering av om dei unge har vore aktive og viktige premissleverandørar i programgruppa for Ung i Sogn og Fjordane. Ungdomsrepresentantane i programstyret er valde frå ungdomspolitisk utval, og hadde sine medspelarar mellom anna i dette utvalet.

Ungdomspolitisk utval diskuterte, gjorde vedtak om kva som var viktigaste tiltaka i programmet og la planar for å få gjennomført dette. Ungdomsrepresentantane gjev klart uttrykk for at dei har opplevd ein sterk vilje i programstyret til å ta dei på alvor. Ungdomane har opplevd situasjoner der medlemmer i gruppa har vore ueinige med dei, men dei same medlemmene har gått inn for ungdomsrepresentantane sitt syn fordi dei unge sitt syn skulle vere avgjerande. Det har også vore fleire døme på delprosjekt som var i ferd med å bli avvikla, tiltak som var prioriterte av dei unge. Ungdomsrepresentantane i styret har formidla at dette er tilbod som er avgjerande for korleis unge i fylket trivast, og at ein måtte prioritere å få til dei konkrete prosjekta. Styringsgruppa har teke slike signal på alvor, og lagt innsats i å få til ei anna utvikling i delprosjekta. Tiltaka for betre transporttilbod er gode dømer på dette.

Medverknad i utforming av prosjekta på fylkesnivå

Dei unge sin medverknad i kvart delprosjekt på fylkesnivå har variert. Gruppene som skulle fungere på dette nivået, hadde få møte, og programgruppa oppsummerte at dette nivået ikkje hadde fungert etter intensjonane. Følgjeleg er det grunn til å tru at dei unge ikkje har vore like aktive i den meir handlingsretta utviklinga av kvart prosjekt. Nokre av tiltaka er fylkesdekkjande (døme: Fysisk aktivitet for barn og unge) og er utvikla på dette nivået. Andre har eit lokalt tyngepunkt der unge har vore svært aktive (døme Uformelle møteplassar). Dette betyr at på fylkesnivå har unge primært vore med å gje prioriteringar og føringar i programgruppa, medan dei ansvarlege har hatt ansvar for utforminga.

Medverknad i utforming av prosjekta på lokalt nivå

Vi finn ungdomane som aktive deltakarar igjen på lokalt nivå, men ikkje i like stor grad i alle prosjekt. I gjennomgangen av prosjektsøknadane ser vi at lokale prosjekt som handlar om uformelle møteplassar eller open skule, er mange av dei unge direkte involvert i utforminga. Dette er unge som er brukarar av tilbodet som vert etablert, like mykje som unge som fungerer som valde representantar. Ungdomane sjølve legg vekt på at dette er viktig, at dei får

vere med å bestemme korleis dei uformelle møteplassane skal sjå ut og kva tilbod og aktivitetar dei skal innehalde.

Men i mange av dei lokale prosjekta dei unge ikkje like synlege. Først og fremst vil vi tru at dette heng saman med kva type prosjekt det gjeld. Det er til dømes ikkje like naturleg å involvere unge i konkret utforming av helsetenester, der arbeid med utforming av tilboda er kjenneteikna av spisskompetanse.

Er prosjekta i tråd med kva unge meiner er viktig for dei?

Då er vi over i den andre forma for medverknad i Ung i Sogn og Fjordane. Den eine måten er å vere aktive pådrivarar og premissleverandørar i programgruppa. Den andre handlar om kva ungdomsgruppene i fylket formidlar av kva som er viktig for dei, og korleis prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane dekkjer behov ungdom formidlar.

Aktive ungdomspolitikarar

Sogn og Fjordane har eit ungdomspolitisk miljø som er aktivt. Organisasjonen er velutvikla med fylkesting for unge, ungdomspolitisk utval og ungdomens kommunestyre/ungdomsråd i alle kommunane. Sogn og Fjordane er første fylket i landet som har fått til dette. Kommunane har eit sterkt medvite om at ein må satse på ungdomen i fylket for å motvirke fråflytting og utarming av distriktet. Å ha aktive ungdomspolitikarar har sikra innspel til Styringsgruppa for Ung i Sogn og Fjordane. Fleire av dei aktive meiner dei har fått ei sterkare tilknyting til fylket og heimstaden ved å vere med å utvikle tiltak for ungdom.

Vi har tidlegare nemnt at ungdom i fylket er ulike, og gruppa med ungdom som er aktive politisk, vil skilje seg frå andre grupper. Det er derfor viktig å vurdere kor vidt deira syn og innspel er like viktige for andre grupper.

For å kunne drøfte dette må ein gje eit bilde av kva ungdom generelt meiner er viktig for dei. Vi nyttar intervju med ungdomar i tre kommunar til å drøfte dette. Desse ungdomane er ikkje involverte i utvikling av prosjekt i Ung i Sogn og Fjordane, men er i større eller mindre grad brukarar av tiltaka som er utvikla. Del 3 av rapporteringa, Ungdom og Livsmeining, går meir i djupna på nokre av desse spørsmåla.

Kjenner dei unge til Ung i Sogn og Fjordane?

Ungdom generelt ser i lita grad ut til å kjenne til programmet Ung i Sogn og Fjordane. Dei kjenner heller ikkje til dei einskilde prosjekta. Når vi samtalar vidare om kvardagen deira, tek det ikkje lang tid for dei tek fram lokale prosjekt som har finansiering frå programmet. Dei fleste har vore brukarar av eitt eller fleire av tiltaka, ofte utan å vite at dette er ein del av Ung i Sogn og Fjordane. Betre transporttilbod og dei ulike velferdstiltaka på skulane er døme på dette. 'Alle' unge i fylket kjenner til Heim for ein femti-lapp og Ungdomskortet, og mange er brukarar. Dei unge er samstemmige i at dette er svært viktig for dei. Når dei skal seie noko om kvifor dette er så viktig for trivselen, er det sjølvsagt for at det gjer det mogeleg økonomisk å kome seg heim så ofte dei vil, og ha eit transporttilbod som gjer at dei kan delta på aktivitetar, og kome seg heim på ein trygg måte. Grunngjevinga er altså praktisk – knytt til

økonomi og trafikktryggleik, men den er også sosial. Den gjev dei ei kjensle av fridom, og dette seier dei er viktig for trivselen.

Breidd og heilskap i prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane

Dette leier over i neste punktet i evalueringa. Ung i Sogn og Fjordane er kjenneteikna av ei stor breidd, både i overordna tema og i konkret innhald i tiltaka, og i kven som arbeider med prosjekta. Nasjonale føringer for satsing på barn og unge understrekar dette. Offentleg politikk for barn og unge skal på alle nivå reflektere eit heilskapssyn. Det vert understreka at ein kan ikkje dele livet til barn og unge inn i administrative sektorar eller ansvarsområde (St.m.39 (2001-2002)).

Dette er ikkje vanskeleg å sjå når du snakkar med unge om kva som er viktig for dei. Unge snakkar om alle livsområda sine og ser sjølv samanhengane. Tankegangen deira er prega av her og no orientering. Dei knyter transport saman med kjensle av fridom. Når elevar på enkelte linjer på vidaregåande seier at ulike faglege aktivitetar (estetiske fag) betyr mykje for korleis dei kan vere seg sjølv, er det ein måte å relatere innhald og arbeidsmåtar i einskildfag på skulen til det å skape sin eigen identitet og utvikle sjølvtiltitt. Dette er døme på korleis trivsel heng saman med mange sider i livet til unge, og at ein kan ikkje isolere einskildtiltak.

Samsvar mellom unge sine behov og prosjekta

Tematisk er det ein heilskap i satsinga Ung i Sogn og Fjordane. Tiltaka dekkjer dei fleste områda i livet til dei unge, men ikkje alle sidene er like godt dekka og utvikla. Skule er eit slikt område. Dei unge er opptekne av kvalitet i skulekvardagen, og viser på mange måtar at ein god skule er avgjerande for trivsel. Gjennom tiltaka har ein gjort ein innsats på det sosiale området, men i mindre grad på det pedagogisk og didaktiske.

Dei fleste av tiltaka som når innanfor veggene til skulane, er knytt til utvikling av samhandling mellom skule og arbeidsliv. Dette er viktige tema. Ungdomane er mellom anna særskilt opptekne av å betre kvaliteten på rådgjevingstenestene, men dei er like opptekne av kvaliteten på skulen i forhold til fagleg innhald og arbeidsformer, utan at dette er speglar i prosjektsamansetninga. Samstundes er det nettopp heilskapen og breidda i satsinga til fylkeskommunen som gjer at ein indirekte når ungdomane heilt inn i klasserommet. Tiltak som Open skule og Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule kan påverke direkte korleis dei unge arbeider i skulen. Velferdstenestene representerer ei avlastning i dei praktiske problema dei unge har, men like viktig er det at dei er eit bindeledd mellom fritida og arbeidskvardagen til dei unge.

Heilskap sikra gjennom breitt samarbeid på alle nivå

I Ung i Sogn og Fjordane møtest ulike aktørar med ansvar og interesser på alle arbeidsområda. I desse møta skal dei utvikle noko saman, både på fylkesnivå og på lokalt nivå i kvar kommune, skule og organisasjon. I møte med fleire må dei i større grad sjå heilskap i livet til dei unge, og vurdere samspelet mellom eigne tiltak og dei andre sine. Det vert mogeleg å sjå korleis eigne planar for aktivitet på eit avgrensa område påverkar andre sider ved livet til dei unge.

Samordna innsats mellom fleire organisasjonar og mange einskildpersonar på fleire område, gjev vonleg større effekt. Sjølv om Sogn og Fjordane er eit lite fylke med oversiktlege småsamfunn, kjenner ein ikkje godt nok til kvarandre sitt arbeid på tvers av sektorar og institusjonar. Den breie satsinga har ført til at aktørane i langt større grad har fått vite om kvarandre. Dette er tydeleg på fylkesnivå, men vi ser tilsvarande trekk i lokalsamfunna. Alle diskusjonane, frå møta i programgruppa på fylkesnivå til arbeidsmøta mellom den lokale 4H-klubben og rektoren på vidaregåande skule, fører til at ein veit meir om kvarandre sine aktivitetar. Slike diskusjonar er nødvendige for gode analyser av desse spørsmåla: kva skal til for at ungdom skal trivast? Kva kjenneteiknar ulike grupper ungdom, og kva behov er felles og ulike? Kva er viktigast for oss?

Mangfald i lokalsamfunna og utvikling av identitet

Ungdomane peikar på at lokalsamfunna i fylket i varierande grad er opne for at dei kan vere seg sjølv. Skulen er døme på ein arena i lokalsamfunnet som kan vere med å gje dei ein tryggleik gjennom faglege aktivitetar der dei kjenner at dei lærer noko som er viktig og spennande. Skule og fritid i samspel kan og vere med å vise eit mangfald i interesser og tenkjemåtar både blant unge og vaksne. Eit slikt mangfald ønskjer ungdomar seg.

Unge tenkjer ofte 'vi' og 'dei andre'. Utvikling av identitet er utvikling av tryggleik og trivsel. Dette er ein samansett prosess og ein spennande del av det å vere ung. Jamaldringar er viktige, dei vaksne rundt ungdomane er viktige. Konkrete diskusjonar om kven eg og venene mine er, er med å skape større medvit om kva som skal til for å utvikle seg og trivast. Desse kan gje vaksne ei innsikt dei treng for å vere med å utvikle gode tiltak for ungdom.

Vedlegg 4: Diagram, verdi fordelt på kjønn

